

Rapport og planer (2011-2012) til Kunnskapsdepartementet

Innhold

INNLEIING	4
RAPPORT 2011	5
SEKTORMÅL 1	5
<i>Verksemdsmål 1.1</i>	5
<i>Verksemdsmål 1.2</i>	10
<i>Verksemdsmål 1.3</i>	20
SEKTORMÅL 2	22
<i>Verksemdsmål 2.1</i>	22
<i>Verksemdsmål 2.4</i>	24
SEKTORMÅL 3	28
<i>Verksemdsmål 3.1</i>	28
<i>Verksemdsmål 3.2</i>	29
SEKTORMÅL 4	34
<i>Verksemdsmål 4.1</i>	34
<i>Verksemdsmål 4.2</i>	35
<i>Verksemdsmål 4.3</i>	37
<i>Verksemdsmål 4.4</i>	39
ANNA RAPPORTERING	42
<i>Oppfølging etter etatstyringsmøte</i>	42
<i>Oppfølging av NOKUT sine evalueringar</i>	42
<i>Rapportering om likestillingsarbeid</i>	43
<i>Kvalitet i grunnskolelærarutdanninga</i>	43
<i>Råd for samarbeid med arbeidslivet</i>	43
<i>Måloppnåing nye studieplassar i 2011</i>	43
<i>Studentkapasitet hausten 2012 og 2013</i>	44
<i>Rapportering av midlar tildelt over budsjettkapittel 281</i>	45
<i>Rapportering om SAK</i>	46
<i>Rapportering på saker frå Sivilombudsmannen og Riksrevisjonen</i>	46
<i>Større investeringsprosjekt</i>	47
<i>Rapportering om reduksjon av midlertidig tilsetningar</i>	47
<i>Rapportering om etiske retningslinjer</i>	47
<i>Forvaltning av fullmakter</i>	47
<i>Sikkerhet og beredskap</i>	48
FELLES FØRINGAR FOR ALLE STATLEGE VERKSEMDER	49
<i>Inkluderande arbeidsliv</i>	49
<i>Brukarundersøkingar</i>	49
<i>Lærlingar i staten</i>	49
<i>Statistikk for antal arbeidsplassar</i>	49
<i>Tilgjengeleggjering av offentlege data</i>	49
PLAN 2012	50
SEKTORMÅL 1	50
<i>Virksomhetsmål 1.1</i>	50
<i>Virksomhetsmål 1.2</i>	51
<i>Virksomhetsmål 1.3</i>	53

Virksomhetsmål 1.4.....	54
SEKTORMÅL 2.....	56
Virksomhetsmål 2.1.....	56
Virksomhetsmål 2.2.....	57
Virksomhetsmål 2.3.....	58
SEKTORMÅL 3.....	59
Virksomhetsmål 3.1.....	59
Virksomhetsmål 3.2.....	60
SEKTORMÅL 4.....	61
Virksomhetsmål 4.1.....	61
Virksomhetsmål 4.2.....	62
Virksomhetsmål 4.3.....	63
PLAN FOR TILDELT BEVILGNING I 2012.....	65
VEDLEGG 1: PROSESS FOR UTVIKLING AV VIRKSOMHETSMÅL OG STYRINGSPARAMETER FOR HSH.....	72
VEDLEGG 2: TILSTANDSRAPPORT LIKESTILLING HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND 2011.....	75
VEDLEGG 2: SKJEMA FOR STUDENTKAPASITET.....	81
VEDLEGG 3: REVIDERT STRATEGISK PLAN (2012-2016) FOR HSH.....	83

Tabellar

TABELL 1 STYRINGSPARAMETER VERKSEMDSMÅL 1.1.....	7
TABELL 2 KORRIGERING AV MENG D FYRSTEVALSSØKJARAR FRÅ SAMORDNA OPPTAK MED SØKJARAR FRÅ LOKALE OPPTAK.....	7
TABELL 3 FORHOLD ALLE TILBOD OG MØTTE STUDENTAR (SAMORDNA OPPTAK).....	8
TABELL 4 FORHOLD TILBOD OG MØTTE FYRSTEVALSSØKJARAR (SAMORDNA OPPTAK).....	8
TABELL 5 MENG D REGISTRERTE (EIGENFINANSIERTE) STUDENTAR.....	9
TABELL 6 HEILTIDSEKVIVALENTAR (EIGENFINANSIERTE), SNITT AV HAUST OG VÅR.....	9
TABELL 7 TOTAL STUDIEPOENGPRODUKSJON VED HSH (HEILTIDSEKVIVALENTAR).....	11
TABELL 8 MENG D NYE STUDIEPOENG PER EIGENFINANSIERT HEILTIDSEKVIVALENT PER ÅR.....	11
TABELL 9 MENG D NYE STUDIEPOENG PER EIGENFINANSIERT HEILTIDSEKVIVALENT (GRUNNUTDANNINGANE GJ.SNITT FOR HAUST OG VÅR).....	12
TABELL 10 MENG D FERDIGE (UTEKSAMINERTE) KANDIDATAR PÅ VITNEMÅLSGJEVANDE PROGRAM.....	13
TABELL 11 GJENNOMFØRING I SAMSVAR MED AVTALTE UTDANNINGSPANAR.....	13
TABELL 12 FRÅFALL I UTDANNINGANE; UTVIKLING I PERIODEN 2009-2011.....	14
TABELL 13 STUDENTAR PER UNDERVISNINGS-, FORSKINGS- OG FORMIDLINGSSTILLING.....	15
TABELL 14 STUDENTANE SIN TILFREDSHEIT MED KVALITETEN PÅ STUDIET (GJENNOMSNITTSKÅR PÅ EIN SKALA FRÅ 1-5).....	17
TABELL 15 MENG D ARBEIDSTIMAR TIL UTDANNINGANE PR. VEKE (GJENNOMSNITT).....	18
TABELL 16 MENG D UTVEKSLINGSSTUDENTAR I 2011.....	21
TABELL 17 MENG D FRAMANDSPRÅKLEGE UTDANNINGSTILBOD I 2011.....	21
TABELL 18 STYRINGSPARAMETER FOR VERKSEMDSMÅL 2.1.....	23
TABELL 19 STYRINGSPARAMETER VERKSEMDSMÅL 2.4.....	24
TABELL 21 STYRINGSPARAMETER UNDER VERKSEMDSMÅL 3.2.....	29
TABELL 22 STYRINGSPARAMETER UNDER VERKSEMDSMÅL 4.1.....	34
TABELL 23 DEL FYRSTESTILLINGAR.....	36
TABELL 24 ANDEL KVINNER.....	36
TABELL 25 ANDEL MIDLERTIDIG TILSETTE.....	37
TABELL 26 STYRINGSPARAMETER UNDER VERKSEMDSMÅL 4.3.....	38
TABELL 27 AKTIVITETSKRAV 2011 MED PRODUKSJON.....	44

Innleiing

2011 har vore eit aktivt år for Høgskolen Stord/Haugesund med sterkt fokus på institusjonssamarbeid, studiekvalitet og intern kontroll. Styret sette ved inngangen til 2011 tydelege fokusområde som ny leiing har følgd opp i 2011.

I 2011 har styret sine fokusområde vore :

- regional kunnskapsaktør
- institusjonssamarbeid
- studentrekruttering
- god kvalitet og riktig kostnadsnivå for utdanningane
- utvikling innan
 - o grunnskolelærerutdanning
 - o førskolelærerutdanninga
 - o ny GLU-estetisk utdanning og
 - o ingeniørutdanninga
- kompetanseutvikling
- internasjonal aktør
- ressursar til forskings- og utviklingsarbeid
- samarbeid med andre institusjonar innanfor forskning
- intern kontroll
- ny leiing i 2011

Status og resultat i dette arbeidet er omtala under dei relevante sektormål og verksemdsmål i rapporten, saman med krav til rapportering frå KD.

Hausten 2011 starta høgskolestyret sin revisjonsprosess knytt til strategisk plan. Samfunnsstruktur og bestillinga frå Kunnskapsdepartementet om å utvikle eigne verksemdsmål for HSH har vore viktige drivarar i dette arbeidet. Prosessen knytt til utvikling av verksemdsmål og styringsparameter ved HSH er skildra i vedlegg 1.

Plan 2012 viser HSHs forslag til verksemdsmål med tilhøyrande tiltak og styringsparameter på institusjonsnivå. Val av tiltak og styringsparameter reflekterer styrets risikovurderingar under dei ulike verksemdsmåla for HSH. På bakgrunn av vurderingane styret har gjort av risiko og vesentlegheit, er kompetanseutvikling, kampusbasert e-læring og utvikling og implementering av nye rammeplanar for nokre av våre utdanningar prioriterte område i årets budsjett.

Rapport 2011

Sektormål 1

Universitet og høyskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet som er basert på det fremste innanfor forskning, fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap.

I plan 2011 vart det framheva følgjande fokusområde ved HSH knytt til sektormål 1:

- Studentrekruttering (omtala under verksemdsmål 1.1)
- God kvalitet og riktig kostnadsnivå for utdanningane (omtala under sektormål 1.2)
- Utvikling innan grunnskolelærerutdanning, førskolelærerutdanninga, ny GLU-estetisk utdanning og ingeniørutdanninga (omtala under verksemdsmål 1.1)
- Regional kunnskapsaktør (omtala under verksemdsmål 1.1 og i sektormål 3)
- Internasjonal aktør (omtala under verksemdsmål 1.3)
- Kompetanseutvikling (omtala under verksemdsmål 2.1)

Verksemdsmål 1.1

Høgskolane skal utdanna kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnets behov.

Studietilbod

HSH har ei tydeleg profesjonsprofil, med hovudprofilar innan lærarfag (ALK), helsefag (AHF) og tekniske, maritime og økonomiske fag (ATØM). Grunn-, etter- og vidareutdanninga ved HSH skal vera relevant for samfunnet og kandidatane skal vera etterspurde av arbeidslivet.

Denne hovudprofilen er langsiktig og står ved lag også i 2011. I arbeidet med revidert strategiplan er utvikling av studietilboda omtala slik : HSH vil i den neste fireårsperioda vidareutvikle studia slik at dei gjennom si *breidde* tilfredsstillir samfunnets behov, gjennom sin *spissing* gir berekraft og grunnlag for forskings- og utviklingsbasert undervisning og gjennom sitt *innhald* gir godt læringsutbytte og attraktive kandidatar.

For å nå dette målet har vi i 2011 starta ei teknisk tilrettelegging for kampusbasert e-læring saman med dei andre UH-nettVest-institusjonane, for å kunne tilby studentar ei større breidde i utdanningstilbodet og med god kvalitet ved å bygge på større fagmiljø. Dette samarbeidet har starta innan grunnskolelærerutdanningane, og dei andre fagmiljøa følgjer på innanfor dei etablerte nettverka. I 2012 har vi konkrete planar for emne som skal gjennomførast som kampusbasert e-læring. Det er også konkrete planar knytt til kompetanseutvikling.

På bakgrunn av heilskapsvurderingar av rekrutteringsgrunnlag, regionen sitt behov og ei god fagportefølje blir emne og studieprogram vurdert både med tanke på å legge ned og å opprette frå studieår til studieår. Vi har fleire enkeltemne og vidareutdanningstilbod som vi skiftar på å køyre/kvile. Når det gjeld etter- og vidareutdanningstilbod er det spesielt regionen sin etterspurnad etter kompetanseauke som er avgjerande.

Som oppfølging av den reviderte strategiplanen vil vi i 2012 konkret arbeide med utdanningsstrategiar innanfor dei tre hovudprofilane våre.

I 2011 kan vi nemne at ny rammeplan for ingeniørutdanning resulterte i at 2-årige ingeniørutdanningar ikkje lengre inngår i rammeplanen. Med bakgrunn i dette, blei det ikkje gjennomført nytt opptak til dei 2-årige ingeniørutdanningane innan Maskin (rørkonstruksjon) og Elektro (El/kraft, Automasjon).

I februar 2011 fekk vi godkjend søknad om eit prøveopptak til bachelor i nautikk via Y-veg. Søkjargruppa var elevar som fullførte sitt fagbrev som matros eller fiskar sommaren 2011. Vi har 9 studentar på dette tilbodet.

Ei anna tilpassing av fagportefølja kan vi vise ved ei endring som er gjort i Vidareutdanning i eldre, helse og samfunn. Denne er revidert, og heva til masternivå og delt i modular som kan lysast ut som enkeltemne. Dette er eit ledd i pågåande arbeid med å leggja til rette for at regionen og samarbeidspartar i større grad kan nytta delar av vidareutdanningar som etterutdanning eller som valfag i eit masterstudium.

Utvikling av profesjonsstudia

I 2011 og 2012 har styret prioritert særskilte prosjektressursar til utvikling og implementering av nye rammeplanar innanfor barnehagelærerutdanninga, grunnskolelærerutdanningane og ingeniørutdanningane.

Prosjektet knytt til grunnskolelærerutdanninga er omfattande og er inne i tredje året. HSH hadde forsøksordning med grunnskolelærerutdanningane, og ligg derfor eitt år føre dei andre utdanningsinstitusjonane. KD har eigen oppfølging av GLU gjennom Følgegruppen for lærerutdanningsreformen.

På bakgrunn av NOKUT-evalueringa av alle ingeniørutdanningane har KD utarbeida ny rammeplan med verknad frå hausten 2012. Dette er også ei omfattande omlegging som vil gå over fleire år. I 2011 og 12 er hovudaktivitetane å etablere ny struktur for dei 3 ingeniørprogramma vi har, utvikle emnebeskrivelsar med læringsutbytte, utvikle detaljert undervisningsopplegg for nye emne og gjennomføre første semester etter ny rammeplan. HSH deltek aktivt i Nasjonalt råd for teknologisk utdanning (NRT) som er sentrale i implementeringa av den nye rammeplanen.

På bakgrunn av ei NOKUT-evaluering av alle førskolelærerutdanningane har KD utarbeida ny rammeplan med verknad frå hausten 2013. Arbeidet med utvikling og implementering av ny førskolelærerutdanning ved HSH, skal sikre progresjon, integrering av teori og praksis og gjennomgåande profesjonsretting og kvalitetsutvikling i et langsiktig perspektiv. I arbeidet med ny førskolelærerutdanning, vil UH – nett Vest bli ein svært viktig samarbeidspartnar, både på studieleiarnivå og på fagnivå. I 2011 starta arbeidet i prosjektgruppa ved HSH med kvalitetsutvikling av praksis.

Høgskolen Stord/Haugesund er tildelt øyremerka midlar frå KD for å leia arbeidet med å utvikle grunnskolelærerutdanning – estetisk. Sjå omtale under rapportering for midlar via kapittel 281 under anna rapportering.

Innanfor bachelor nautikk er vi med i eit stort utviklingsprosjekt, Markom 2020, saman med dei andre UH-institusjonane som har dette studiet . Her får vi øyremerka midlar frå KD. Sjå eigen omtale av tiltak i 2012 under pkt. om rapportering på midlar frå kap.281. I 2011 har vi investert 3,5 mill kr i

infrastruktur for simulatortrening i nautikkstudiet. 'Tidsriktige studier' er ein del den reviderte strategiplanen til HSH.

Studentrekruttering - søkjarar

Rekruttering av studentar har også i 2011 vore eit fokusområde for styret. Når vi presenterer rekruttering av studentar og arbeidet med dette, er det viktig å sjå det lokale opptaket i samanheng med samordna opptak nasjonalt.

HSH har hatt ein markant auke i talet på kvalifiserte fyrstevalsøklarar frå 2010 til 2011. Gjennom samordna (SO) har HSH 1,03 kvalifiserte 1.prioritetssøklarar til kvar studieplass (0,79 i 2010). Vi har i tillegg lokale opptak til ingeniørstudium, årsstudium og enkeltemne, praktisk pedagogisk utdanning og masterstudium som aukar dette forholdstalet betydeleg.

Tabell 1 Styringsparameter verksemdsmål 1.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Mengd kvalifiserte fyrstevalsøklarar per studieplass	0,65	0,71	0,79	0,7	1,03

Kjelde: DBH

HSH har dei tre siste åra hatt ei positiv utvikling i tal på 1.prioritetssøklarar, og i 2011 har vi ei svært god auke på 27,5 % fleire fyrstevalsøklarar gjennom samordna opptak. Auken i talet på kvalifiserte fyrstevalsøklarar kan særleg knyttas opp mot sjukepleiestudiet og bachelor nautikk, som har langt fleire søklarar enn studieplassar.

Tabellen under viser omfanget på det lokale opptaket, og kor viktig dette er for studentrekrutteringa for HSH. Dei lokale opptaka har meir enn dobbel så mange søklarar som det samordna opptaket. Dette er viktig for HSH å få formidla med tanke på vurdering av nye studieplassar.

Tabell 2 Korrigering av mengd fyrstevalssøklarar frå samordna opptak med søklarar frå lokale opptak

HSH	AHF	ALK	ATØM
Samordna opptak	321	280	468
Lokalt opptak	309	747	851
Totalt	630	1027	1319

Kjelde: DBH – Tabellen viser fyrstevalssøklarar, ikkje berre kvalifiserte fyrstevalssøklarar.

Studentrekruttering – møte studentar

Som vi ser over har vi forholdsvis god søkning, men det er ei utfordring i rekrutteringsarbeidet at vi mister så mange inn mot studiestart og oppmøte. Med auke i tal på 1.prioritetssøklarar, og auke i tal tilbud med 20% frå 2010 burde vi kunne venta ein større auke i studenttalet.

I 2011 møtte til saman 976 studentar til ulike studium ved HSH. Dette er ein auke frå 2010 på om lag 110 studentar.

I 2011 var det 601 studentar som møtte til utdanningane som hadde søkt gjennom samordna opptak. Dette er ein nedgang frå 2010 med om lag 30 studentar. I tillegg var det 375 studentar som møtte til utdanningane som hadde søkt gjennom lokalt opptak. Dette var ein auke frå 2010 med heile 140 studentar. Lokalt opptak kompenserer difor meir enn for nedgangen gjennom samordna opptak.

Utviklinga for HSH syner derfor at vi er avhengig av eit stort lokalt opptak for å fylle opp studieplassane våre. Dette gjeld i stor grad for ingeniørstudia, der kvalifiseringstiltak (realfagskurs /sommarskurs) er avgjerande for å halde eit stabilt tal på kvalifiserte studentar. Dette rekrutteringstiltaket kostar HSH om lag 1 mill kr årleg.

Dei siste åra har det vore ei utvikling der ein ser ein nedgang i møtte studentar i forhold til dei som får tilbod. I 2011 var det i snitt 55% av dei som fekk tilbod som møtte, jfr. tabell 5. Ser ein på fyrstevalssøkjjarar er det i snitt 70% av dei som fekk tilbod som møtte, jfr. tabell 6. Desse forholdstala viser ei negativ utvikling dei siste åra for HSH, men dette er også ein nasjonal trend. Dette skapar store utfordringar i planlegginga av studietilboda og omfanget på tilbodet. Dette kjem vi attende til under punkt om studenttal.

Tabell 3 Forhold alle tilbod og møtte studentar (Samordna opptak)

2009		2010		2011	
Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt
977	627	1174	630	1087	601
64 %		54 %		55%	

Kjelde: DBH

Tabell 4 Forhold tilbod og møtte fyrstevalssøkjjarar (Samordna opptak)

2009		2010		2011	
Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt	Tilbod	Møtt
518	418	529	411	627	437
80 %		78%		70%	

Kjelde: DBH

Utvikling i studenttal

Det totale talet studentar ved HSH i 2011 var 2641. Dette var ein samla nedgang på 270 studentar frå 2010 (8%). Gjer vi dette om til studentar på heiltid/heiltidsekvivalentar viser dette ein nedgang frå

2010 på om lag 150. Dei tekniske studia (ATØM) er der vi ser ei auke i studenttal og heiltidsekvivalentar. Dette skuldast i stor grad større opptak på nautikk dei siste åra, der vi har hatt eit stort rekrutteringsprosjekt. Nedgangen innanfor dei pedagogiske faga (ALK) er knytt til færre etter- og vidareutdanningar, fråfall i førskolelærerutdanninga og lågare opptakstal på grunnskolelærerutdanninga. Nedgangen innanfor helsefag (AHF) er knytt til eitt konkret EVU-tilbod.

I budsjettet for 2011 vedtok styret å justere aktiviteten, og samla sett for HSH ligge på eit 2009-nivå. Dette var spesielt knytt til nivået på studiepoengfinansiert EVU som gjorde at vi hadde eit høgare aktivitetsnivå enn studieplassnivået vi har finansiert av KD. Vi ser at noko av nedgangen ikkje er ønska, for eksempel den som er knytt til fråfall og lågare rekruttering til grunnskolelærerutdanninga. Som omtala over er det utfordrande med planlegging av studietilboda når det er store endringar i søkjar/møtt-forholdet.

Tabell 5 Mengd registrerte (eigenfinansierte) studentar.

	2008	2009	2010	2011
HSH	2 610	2901	2875	2641
ALK	828	957	954	825
ATØM	967	1046	1104	1044
AHF	815	897	810	772

Kjelde: DBH

Tabell 6 Heiltidsekvivalentar¹ (eigenfinansierte²), snitt av haust og vår

	2008	2009	2010	2011
HSH	2191	2444	2560	2408
ALK	685	796	900	768
ATØM	839	935	965	984
AHF	668	713	695	654

Kjelde: DBH

Ser vi konkret på tala for vidareutdanning i 2011 viser dei at det er registrert 764 studentar våren 2011. For haustsemesteret er det registrert 503 studentar. Snittet for heile året er på om lag 634 registrerte studentar på EVU, som viser ein nedgong i tal på EVU-studentar med om lag 20 %. Som omtala over har dette vore ein bevisst strategi om å leggja oss om lag på 2009-nivå, og tilpasse oss nivået på basisfinansierte studieplassar frå KD.

¹ 'Heiltidsekvivalent' viser kor mange studentar vi hadde hatt dersom alle hadde gått på heiltidsstudium.

² I tillegg har høgskolen årleg mellom 40-60 eksternfinansierte heiltidsekvivalentar.

Etterutdanning

I 2011 har vi også bevisst satsa på å få til god kombinasjon mellom etter- og vidareutdanning. Det vil sei at delar av ei vidareutdanning blir lyst ut som etterutdanning. Dette vil i seg sjølv virke som ein positiv marknadsføring av vidareutdanninga.

Det er særleg helse- og lærarutdanning som har tatt i bruk denne kombinasjonen. Ca 800 har deltatt på slike seminar i 2011.

Me viser nokre av tilboda for å vise omfanget og mangfaldet:

- Døme på oppdragsfinansierte vidareutdanningar er Planlegging i leverandørindustrien (20 sp, 23 deltakarar) og IWE Diplom (60 sp, 14 deltakarar).
- Døme på studiepoengfinansierte vidareutdanningstilbod er Omstillingslære (10 sp, 87 deltakarar) og Rusproblematikk (60 sp, 52 deltakarar).

Dei siste åra har det vore arbeida mykje med administrasjons- og styringsprosessar knytt til etter- og vidareutdanningane. Dette sikrar gode beslutningsgrunnlag for kva utdanningar som skal settast i gang og ei forutsigbar og heilskapleg oppfølging av utdanningstilboda.

Verksemdsmål 1.2

Høgskolane skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøming

God kvalitet og riktig kostnadsnivå for utdanningane

Styret hadde som fokusområde i planen for 2011 'god kvalitet og riktig kostnadsnivå for utdanningane'. I dette låg at styret ynskte å fokusere på inntektene som dei ulike studietilboda genererte og at kostnadene skulle stå i høve til dette. Ved å ha dette fokuset ville ein internt kunne frigjera midlar til kompetanseutvikling og FOU. Fokuset på 'god kvalitet' var knytt til at det for enkelte studium var nokså stort avvik mellom genererte inntekter og kostnader. Vi er no inne i første studieår med denne modellen, og den vil bli vurdert opp mot 'god kvalitet' i studia i 2012.

Studiepoengproduksjon

Total studiepoengproduksjon viser ei negativ utvikling for HSH i 2011, og frå 2010 til 2011 er produksjonen redusert med 84,2 60-studiepoengseiningar. Dette har samband med redusert mengd studentar, både registrerte studentar og omgjort til heiltidsstudentar/ heiltidsekvivalentar. Nedgangen i studiepoengproduksjon vil medføre ein nedgang på om lag 3 mill kr i den resultatbaserte finansieringa frå KD i 2013.

Innanfor helsefag og pedagogiske fag går produksjonen ned, medan dei tekniske/maritime faga viser auka studiepoengproduksjon. Viser til omtale tidlegare av utvikling i studietilbod og studentrekruttering.

Tabell 7 Total studiepoengproduksjon ved HSH (heiltidsekvivalentar)

	2009	2010	2011
HSH	1 826	1926	1841,8
ALK	632	646	584,0
ATØM	633	664	693,3
AHF	561	616	564,5

Kjelde: DBH

I tabellen under ser vi at snittproduksjonen for HSH er 46,5 studiepoeng for ein heitidsstudent (full studieprogresjon er 60). Dette er ei auke på 1,3 studiepoeng pr. student. Auken er særleg stor på nautikk.

Tabell 8 Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år

Styringsparameter ³	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	46,2	41,7	45,2	46	46,5
ALK	49,4	44,3	46,2	-	48,7
AHF	49	42	49,5	-	50,3
ATØM	41,2	39,1	41,7	-	42,2

Kjelde: DBH

³ Pr. haust 2011

Tabell 9 Mengd nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekivalent (grunnutdanningane gj.snitt for haust og vår)

	2009	2010	2011
ALK – grunnskolelærer ⁴	52,1	52,3	51,1
ALK – førskolelærer ⁵	50,7	51,5	51,2
AHF – sjukepleie Stord (SYKSB)	49,4	53,0	49,6
AHF – sjukepleie Hgsd (SYKHB)	49,1	50,9	49,0
ATØM – ingeniør ⁶	44,2	43,3	45,6
ATØM – nautikk (NAB)	48,2	52,5	55,6
ATØM – øk/adm (ØKB)	41,2	41,7	41,5

Kjelde: DBH

Alle studia ved HSH har sidan 2009 hatt eit spesielt fokus på 'førsteårsstudenten' for å redusere fråfall og auke studiepoengproduksjonen. Studia har hatt ulike tiltak. Innan nautikk, økonomi og administrasjon og ingeniør er det realfagskompetanse som er ei utfordring. *Vi tilbyr derfor utvida matematikkundervisning på økonomi og administrasjon og nautikk, samt betydeleg auka undervisningsintensitet i realfaga det fyrste året på ingeniørfag.*

Innan lærarutdanningane har prosjekt 'førsteårsstudenten' først og fremst hatt fokus på motivasjon/introduksjon, studieteknikk og personleg utviklingssamtale. Desse tiltaka ser vi er viktige og blir vidareført.

Den typiske EVU-studenten produserer og fullfører sine studier i stor grad og etter normert studieprogresjon. Som tidlegare nemnt er mange av EVU-tilboda som blir gitt på HSH på 30 studiepoeng pr. studieår. Produksjonen ligg om lag på dette nivået pr. student.

Ei stabil mengd i uteksaminerte kandidatar og betre gjennomføringsgrad

Tabellen nedanfor viser utviklinga i uteksaminerte kandidatar på program som er vitnemålgjevande (og PPU). Kandidatproduksjonen er nokså stabilt i 2011 samanlikna med fjoråret. Samstundes ser me at dei pedagogiske faga (ALK) aukar ytterlegare i 2011. Dette gjeld spesielt auke i ferdige kandidatar på PPU. Samla sett uteksaminerar vi dermed fleire lærarar til regionen i 2011 enn i 2010. Helsefag og tekniske, økonomiske og maritime fag (ATØM) har ein nedgong i mengd uteksaminerte,

⁴Gjennomsnitt allmennlærer og GLU 1-7 i 2009, Gjennomsnitt av GLU1-7, GLU 5-10 og allmennlærer i 2010 og 2011.

⁵ Basert på gjennomsnitt av studieprogram ordinær og natur- og friluft frå og med 2009

⁶ Basert på gjennomsnitt av studieprogram maskin og sikkerhet (ING-MAB + ING-SIKB)

men vi oppfyller aktivitetskravet som KD stiller til HSH om 1.årsproduksjon innan sjukepleie og vidareutdanning Akutt Intensiv Operasjon . Auke i tal på studentar innanfor nautikk, vil gje seg utslag fyrst i 2012, då dei no er i utdanningsløp.

Tabell 10 Mengd ferdige (uteksaminerte) kandidatar på vitnemålgjevande program

	2009	2010	2011
HSH	470	528	530
ALK ⁷	165	200	230
ATØM	150	184	169
AHF	155	144	131

Kjelde: DBH

Produksjon i høve til utdanningsplanar

Utdanningsplanen er ein oversikt over alle faga som ein student planlegg å ta i sitt studieløp. Tabellen nedanfor viser gjennomføringsgraden for studentane i perioden 2008 til 2011, målt som det prosentvise forholdet mellom kor mange studiepoeng som studentane tok i forhold til det dei hadde planlagt. I 2011 gjennomfører studentane ved HSH 87,1 % av dei studiepoenga dei planlegg. Utviklinga er veldig stabil og ligg omtrent på snittet for statlege høgskolar. Variasjonane ser ein tydeleg mellom avdelingane og dei ulike studiane. Tala viser også resultat av HSH sitt arbeid med å rettleie og tilpasse utdanningsplanane etter studentane sine ynskjer og behov.

Tabell 11 Gjennomføring i samsvar med avtalte utdanningsplanar

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Gjennomføring i samsvar med avtalte utdanningsplanar	87,2	88	87	88	87,1
ALK	88	92,1	90	.	90,5
ATØM	81,6	80,7	77	-	79,7
AHF	93	93	98	-	94,2

Kjelde: DBH

Fråfall i utdanningane

Innanfor UH-sektoren snakkar ein gjerne om eit "naturleg fråfall". Det er studentar som fort finn ut at studiet dei har tatt fatt på ikkje svarar til forventningane eller er i tråd med det dei ser føre seg med omsyn til framtidig yrke. Ein del studentar blir og rettleia ut av studiet.

⁷ Inkl. PPU (96 kandidatar i 2011, 83 kandidatar i 2010 og 57 kandidatar i 2009)

HSH har hatt stort fokus på fråfall i utdanningane dei siste studieåra. Det har vore god oppfølging både frå fagtilsette og frå administrativt tilsette for å følgje opp og registrere fråfall, både med omsyn til årsak og kva høgskolen kan setje inn av tiltak for at flest mogleg skal lykkast i studiet.

Tala syner at det er store skilnader mellom dei ulike utdanningane. I 2011 har førskolelærarutdanning (natur og friluft) og GLU 5-10 spesielt stort fråfall, og som får spesiell oppfølging. GLU 1-7 er einaste utdanning som har redusert sitt fråfall frå førre studieår.

Sjukepleie, ordinær førskoleutdanning, nautikk og ingeniør meiner vi ligg på eit forventa fråfallsnivå.

Tabell 12 Fråfall i utdanningane; utvikling i perioden 2009-2011

Prosentvis fråfall etter endt 1.semester (grunnutdanningane)	2009	2010	2011
ATØM – Ingeniør	7 %	9 %	15%
ATØM – Nautikk	28 %	10 %	12%
ATØM – Øk/adm	20 %	19 %	24%
ALK – GLU (1-7)	36 %	21 %	5%
ALK – GLU (5-10)	5 %	8 %	33%
ALK – FLU (ordinær)	16 %	15 %	11%
ALK – FLU (natur og friluft)	32 %	0 %	44%
ALK – PPU	7 %	16 %	17%
ALK - Master	37 %	20 %	30%
AHF – sjukepleie Haugesund	14 %	6 %	11%
AHF – sjukepleie Stord	20 %	10 %	11%

Kjelde: FS

Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar

Studentar pr. undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling har gått ned frå 17,9 til 16,5 det siste året. Dette skuldast i all hovudsak det reduserte studenttalet.

Innslaget av timelærarar spesielt innanfor tekniske, maritime og økonomiske fag, vises spesielt ved at forholdet mellom student/tilsette fagstillingar er langt høgare enn for dei andre fagområda. HSH meiner likevel at dette ikkje nødvendigvis går ut over kvaliteten på undervisninga eller utdanningane, fordi tett kontakt med næringslivet og bruk av lærarar frå næringslivet kan vera eit positivt supplement både innanfor ingeniørutdanningane, nautikk og økonomi og administrasjon.

Tabell 13 Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	18,1	18,5	17,9	18,0	16,5
ALK	14,8	16,7	15,8	-	14,1
ATØM	23,6	22	20,3	-	21,2
AHF	18,2	17,8	17	-	15,5

Kjelde: DBH

Kvalitetssikringssystemet ved HSH

HSH sitt kvalitetssikringssystem vart godkjent av NOKUT i desember 2008. Våren 2010 blei systemet evaluert av ei intern revisjonsgruppe i forhold til innhald/omfang, bruk, erfaringar, nytteverdi og funksjonalitet. Dette i lys av dei nye kriteria som NOKUT har for kvalitetssikringssystem. NOKUT fokuserar no meir på bruken og nytteverdien av systemet, enn på systemet i seg sjølv.

Revisjonsarbeidet peikte på at kvalitetssikringssystemet i HSH må forenklast, samstundes som vesentlege prosessar knytt til studiekvalitet og læringsmiljø må prioriterast og synleggjerast betre - slik at systemet vert meir handterbart og tenleg for tilsette og studentar. Dette arbeidet blei starta desember 2011, og vil ferdigstillast i løpet av 2012/2013.

Kvalitetssikringssystemet i HSH er såleis i ein konsolideringsfase både som system og i forhold til funksjonsevne på operativt nivå i studia og FoU-verksemnda. Den nye tilsynsforskrifta om utdanningskvalitet i høgare utdanning frå NOKUT vert viktig i det vidare utviklingsarbeidet.

Eit anna utviklingsområde er å forankra og tilpassa systemet betre mot råds- og utvalsstrukturen i HSH. Utvikling og evaluering av Læringsmiljøkonferansen, som er eit sentralt omdreingspunkt i vårt kvalitetsarbeid, vil òg bli prioritert.

Emneevalueringar og referansegrupper som ein implementert del av kvalitetssikringssystemet

Ved HSH er det å følgje rutinar i kvalitetssystemet ein integrert del av studiedrifta. Referansegrupper og studieprogramråd vert gjennomført og dei fagleg ansvarlege vurderer kva innspel som skal føre til endringar i planar for eller gjennomføring av studiane. Det er og gjennomført prosessar med evalueringar av emne og studieprogram i løpet av studieåret. Dette er ein implementert del av kvalitetssikringssystemet.

Resultata frå referansegrupperapportane viser at dei fleste tilhøve som vart tatt opp har medført konkrete endringar undervegs i studiet eller endringar i emnet, som på sikt vil føre til kvalitetsforbetring.

HSH, på lik linje med andre universitet og høgskolar, slit med låg svarprosent på emneevalueringar og studieprogramevalueringar som blir gjennomført elektronisk. Dette viser at systemet med referansegrupper for kvart enkelt emne eller utdanning er ein enda viktigare faktor for å få konstruktive tilbakemeldingar om emnet/studiet.

I tida framover er det å vidareutvikle og gjere dei prosessar som er skissert KS-systemet operative ei stor og viktig utfordring.

Brukarundersøking – Ei positiv utvikling i den opplevde studiekvaliteten ved HSH

I Trivnadsgranskinga for 2011 vart programkvaliteten for alle grunnutdanningane og nokre av dei store etter- og vidareutdanningane ved HSH evaluert ved hjelp av spørjeskjemaet "Erfaringer med studiet" (EMS). Dette skjemaet er ein norsk versjon av "Course Experience Questionnaire", som er eit internasjonalt kjent og anerkjent studentevalueringsinstrument for kartlegging av opplevd undervisningskvalitet og studentane si vurdering av læringsmiljø. I denne undersøkinga evaluerer studentane programkvaliteten ut frå påstandar knytt til faktorane god undervisning, klare mål, gode vurderingsformer, passande arbeidsbyrde, generelle ferdigheiter og studentautonomi.

Tabellen under viser gjennomsnittsskåren for studia ved HSH på spørsmålet om kor godt nøgde dei er med kvaliteten på utdanninga på ein skala frå 1-5, kor kvaliteten blir vurdert som betre jo høgare skår. Studentane ved Masterstudiet i IKT i læring er mest nøgde saman med studentane på PPU og sjukepleiestudentane.

Totalt sett for heile HSH viser Trivnadsgranskinga ein liten positiv auke, men tala er nokså stabile over dei siste 3-4 åra. Eit par av utdanningane har likevel ei brå vending frå i fjor, og vi må sjå nærare på kvifor.

Dei ulike faktorane som inngår i granskinga, får forskjellige skår. Og det er framleis utfordringar å ta fatt på for å auke den totale kvaliteten på dei fleste av utdanningane. Desse utfordringane blir følgd opp i dei enkelte studia.

Tabell 14 Studentane sin tilfredsheit med kvaliteten på studiet (Gjennomsnittskår på ein skala frå 1-5).

	2009	2010	2011
HSH totalt	3,7	3,8	3,8
ATØM – Ingeniør (samla)	3,2	3,6	3,6
ATØM – Nautikk	3	3	3,2
ATØM – Øk/adm	3,3	3,6	3,7
ALK – GLU/ALM	3,5	3,6	3,8
ALK – FLU (ordinær)	3,7	4,2	3,7
ALK – FLU (natur- og friluft)	3,7	3,7	3,6
ALK – PPU (deltid)	4,4	3,7	4,1
ALK – Master IKT	4,6	4,8	4,3
AHF – sjukepleie Haugesund	3,9	4,1	4,1
AHF – sjukepleie Stord	3,4	3,9	4,1
<i>Mengd respondentar</i>	<i>809</i>	<i>768</i>	<i>759</i>

Kilde: Trivnadsgranskinga i 2010, 2011 og 2012

Ved implementeringa av kvalifikasjonsrammeverket blir forventa arbeidsbelastning (work load) ein viktig faktor. For ein fulltidsstudent er det 1600 timar pr. studentårsverk, som blir forventa arbeidsveke pr. student på omkring 40 timar pr. veke.

I Trivnadsgranskinga blir studentane spurt om kor mykje de arbeider med studiane pr. veke:

Tabell 15 Mengd arbeidstimar til utdanningane pr. veke (gjennomsnitt)

Styringsparameter	2009	2010	2011
HSH totalt	28	28	29
ATØM – Ingeniør (samla)	34	33	33
ATØM – Nautikk	33	30	32
ATØM – Øk/adm	30	26	25
ALK – GLU/ALM	27	27	27
ALK – FLU (samla)	25	27	26
ALK – PPU (deltid)	11	10	11
ALK – Master IKT (i praksis deltid)	22	19	23
AHF – sjukepleie Haugesund	30	33	34
AHF – sjukepleie Stord	33	35	33
Mengd respondentar	809	768	685

Kilde: Trivnadsgranskinga 2010, 2011 og 2012

Resultata syner at timer pr. veke i snitt ligg lågt for mange av utdanningane, med omsyn til at dei fleste er heiltidsutdanningar, og at vi forventar at ein fulltidsstudent skal arbeide om lag 40 timer i veka på studiet. Dette er ei utfordring både for HSH og for sektoren generelt

Læringsmiljøutvalet (LMU) ved HSH

LMU er eit godt fungerande utval, og har i 2011 hatt 6 møter. Årsrapport om LMU sitt arbeid vart lagt fram for styret hausten 2011. Rapporten byggjer på LMU sin handlingsplan som blir revidert kvart semester, og som skisserer dei tiltak som vert teken opp i LMU og kor ansvar og utførande ansvarleg for dei ulike prosjekt/tiltak blir synleggjort. LMU har også årlege dialogmøtar både med rektor og direktør og med studiekvalitetsutvalet. LMU har vidare eit godt samarbeide med Statsbygg og studentsamskipnaden, noko som er viktig i ein del enkeltsaker. Etter behov blir det satt ned prosjektgrupper når større oppgåver skal planleggjast og setjast i verk.

Læringsmiljøkonferansen: Ein sentral arena for utviklinga av studiekvaliteten ved HSH

LMU er ansvarleg for å gjennomføre den årlege læringsmiljøkonferansen ved HSH. LMU samarbeidar med Studentparlamentet (studentane), studiekvalitetsutvalet og studentsamskipnaden om dette arrangementet.

Den årlege læringsmiljøkonferansen (LMK) er ein sentral arena for utvikling av studiekvaliteten ved HSH. Tema for konferansen i februar 2011 var todelt: *Hvordan og hvorfor bør HSH tilrettelegge for at heltidsstudenten skal lykkes i studiehverdagen og Internasjonalisering og utveksling; setter vi samme krav til utvekslingsstudenter, eller er utvekslingsopphold en form for "langtidsferie?"*

Konferansen omhandla programkvalitet og rammekvalitet ut frå funn/data frå trivnadsgranskninga. Kva er det vi på HSH bør ha fokus på – kva kan vi saman gjera noko med?

Resultata frå læringsmiljøkonferansen er følgd opp av dei enkelte avdelingane og studia, og også av administrasjonen. Funna vart også følgd opp saman med emneevalueringane og rapport frå referansegrupper og i studieprogramråd i løpet av 2011. På læringsmiljøkonferansen i februar 2012 ga høgskolen tilbakemelding til studentane om korleis resultata frå fjorårets konferanse hadde vorte følgd opp, og kva som blei arbeidd vidare med.

Tilrettelegging for studentar med nedsett funksjonsevne

Læringsmiljøutvalet legg vekt på universell utforming, eit godt læringsmiljø prega av gode rammefaktorar og eit godt psykososialt arbeidsmiljø. Studentrådgivar er koordinator for studentar med nedsett funksjonsevne og studentar som treng særskilt tilrettelegging i studiet. I løpet av 2011 har 205 studentar teke kontakt og fått hjelp av studentrådgivar.

Høgskolen har ein Handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne 2007 – 2011, som er under revisjon. Denne planen vert revidert minst kvart fjerde år eller når behova melder seg. Alle studentar som kan dokumentere nedsett funksjonsevne, sjukdom, skade eller lyte får søknaden sin om tilrettelegging vurdert. Dette gjeld tilrettelegging både på studiet og til eksamen. I tillegg får alle studentar med synsproblematikk og lese-/skrivevanskar tilbod om lydbøker frå Norsk lyd- og blindbibliotek. Høgskolen har også samarbeid med hjelpemiddelsentralen for utlån av hjelpemiddel for dei med spesielle behov. Dette gjeld fysiske hjelpemiddel og ulike lisensar som IKT-hjelpemiddel.

Me har jamleg gjennomgang av kampus både på Stord og i Haugesund saman med Statsbygg, drift og studentar med nedsett funksjonsevne for å teste ut det fysiske miljøet. Målet er Universell utforming og gode rammefaktorar for alle studentar.

Når det gjeld det psykososiale miljøet er desse tiltaka meint som førebyggjande tiltak:

- Semesterstart med gode faddertiltak
- Oppretting av Psykososialt team (som tek opp bekymringsmeldingar)
- Ruspolitikk er sett på agendaen og det er lagt ein prosedyreplan ved rusbruk
- Kurs i meistring av eksamensangst

I denne samanhengen kan ein også nemne gode rammevilkår, som samarbeid mellom fagtilsette når det gjeld koordinering av fristar, inneklima, belysning, organisering av tid,

Ein del av studentane av den totale studentpopulasjonen har arbeidsavklaringspengar frå NAV.

Høgskolen har hatt fokus på for å leggje til rette for denne studentgruppa, slik at dei kan lykkast med

studiet sitt. Dette kan gjelde studentar med fysisk og/eller psykisk nedsett funksjonsevne. I desse sakene samarbeider vi ofte med NAV.

Verksemdsmål 1.3

Høgskolane skal ha eit utstrakt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som bidreg til auka utdanningskvalitet.

Det har vore ein nedgang på om lag 25 inn-/utvekslingstudentar frå 2010 til 2011. Denne nedgangen er i hovudsak knytt til dei pedagogiske faga (ALK), men også dei teknologiske faga (ATØM) har hatt ein nedgang, særleg på andel utreisande. Sjukepleiestudiet (AHF) har den klart største aktiviteten, og har fleire utreisande enn innreisande studentar.

Strategien for 2011 var i det vesentlege å vidareføre det påbegynte arbeidet med å styrke det internasjonale nettverket i Europa, fordi stort ynskje blant studentane om å ha utveksling her. Det er gjennomført institusjonsbesøk hjå ei rekke partnarar for å marknadsføre HSH for studentar ved partnarinstitusjonane. Det blir arbeida for å auke talet på engelskspråklege tilbod for å tiltrekke fleire internasjonale studentar. Planmessig marknadsføring blant eigne studentar blir gjennomført.

Sjukepleiestudiet har stadig auke i inn/utveksling av studentar. Det gjeld utveksling i praksisperiodar (3 mnd eller 6 mnd). Kunnskapen til innreisande studentar vert nytta i undervisninga til ulike aktivitetar innanfor temaet "internasjonalisering heime". Eit eksempel er at innreisande studentar underviser norske studentar i øvingsavdelinga. Eit anna er at internasjonale og norske studentar deltek i same rettleiingsgrupper. Internasjonale besøk vert trekt inn som førelesarar for studentane når det høver.

Tekniske, økonomiske og nautiske fag (ATØM) har ein negativ utvikling i særleg tal på utreisande studentar, mens tal på innreisande er rimeleg stabil. Det bør og nemnast at mange av studentane på nautikk no er svenske.

Internasjonaliseringa knytt til dei pedagogiske studia (ALK) er nokså låg i høve til det kvantitative målekriteriet. Nedgangen frå 2010 skyldast i hovudsak at emnet "Fjords and glaciers" vart lagt ned i 2011. Fagområdet er no svært aktiv i forhold til utanlandske ekskursjonar for heile studentgrupper og er med i to Erasmus intensivprogram. Sjå omtale av desse under sektormål 2 og i plan for 2012.

Tabell 16 Mengd utvekslingsstudentar i 2011

Styringsparameter	Resultat						Ambisjonsnivå	Resultat	
	2008		2009		2010		2011		
Mengd utvekslingsstudentar	99		122		131		120	107	
	Inn	Ut	Inn	Ut	Inn	Ut	-	Inn	Ut
ALK	14	14	9	4	16	6	-	4	2
AHF	15	28	22	38	22	31	-	23	40
ATØM	30	24	26	23	36	20	-	29	9

Kjelde: DBH

Tabell 17 Mengd framandspråklege utdanningstilbod i 2011

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Mengd framandspråklege utdanningstilbod	16	14	14	13	9
Studietilbod i samarbeid med utanlandske Institusjonar (Fellesgrader)		-	-	-	-

Kjelde: DBH og FS

I 2011 har vi til saman 9 engelskspråklege tilbod, som er ein nedgong frå 2010. I 2011 har HSH ingen studietilbod i samarbeid med utanlandske institusjonar.

Sektormål 2

Universitet og høgskolar skal oppnå resultat av høg internasjonal kvalitet i forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

I plan 2011 vart det framheva tre fokusområde ved HSH knytt til sektormål 2:

- kompetanseutvikling (omtala under verksemdsmål 2.1),
- ressursar til forskings- og utviklingsarbeid (omtala under verksemdsmål 2.2) og
- samarbeid med andre institusjonar innanfor forskning (omtala under verksemdsmål 2.2).

Verksemdsmål 2.1

Universitet og høgskolar skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vera innretta og dimensjonert for å ivareta behova i sektoren og samfunnet elles.

I plan for 2011 peikte HSH på behov for kompetanseutviklingstiltak for å sikre ein tilfredsstillande andel fagtilsette med fyrstekompetanse på lang sikt. Særleg alderssamansetninga blant dei fagtilsette gjorde at dette vart peikt på som eit nødvendig fokusområde.

I tillegg til at vi har både KD-finansierte og bidragsfinansierte stipendiatar, er det sett i gang både felles kompetanseutviklingstiltak og kompetanseutviklingstiltak tilrettelagt for den einskilde sine behov. Dette inneber mellom anna kurs, tid til kvalifisering (FoU-tid), tid til rettleiing, nettverks- og samarbeidsaktivitetar.

Kompetanseutvikling og rekruttering innanfor utvalde fagområde

Vi har over fleire år satsa mykje på målretta rekruttering og kompetanseutvikling for å byggja robuste fagmiljø som både kan drifta bachelorstudia, vidareutdanningane som regionen etterspør, og aktuelle mastergradsutdanningar. Dette krev ein kombinasjon av breidde og spissing av fagmiljø.

Innan helsefag har spissinga særleg gått i retning av helsefremmande arbeid/folkehelse, som er relevant for mastersamarbeid med Høgskolen i Volda (Master i helse- og sosialfag: Meistring og Myndiggjering) og omsorgsvitskap, som er relevant for ny master ved HSH innan Klinisk helse- og omsorgsvitskap (planlagt oppstart hausten 2012).

Innan pedagogiske fag har spissinga særleg gått i retning av bruk av IKT i Læring innan eit breiare lag av basisfag, vurderingskompetanse, og kreative og estetiske fag. Vi har i 2011 levert søknad om akkreditering av ny master innan Praktisk-Eстетiske fag- og læreprosessar (i samarbeid med Høgskolen i Telemark). Denne vart godkjent av NOKUT i februar 2012.

Innan tekniske fag samarbeider HSH med UiB og UiS (Tekno Vest samarbeid) om å tilby ein mastergrad innan Teknisk sikkerhet (formelt en UiB grad). HSH tilbyr undervisning i 2 emne (20 av i alt 60 sp) samt rettleiing av masteroppgåver (60 sp). Rekruttering og kompetanseutvikling innan Teknisk sikkerhet er derfor prioritert.

Stipendiatar

Tabell 18 Styringsparameter for verksemdsmål 2.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Mengd uteksaminerte doktorgradskandidatar, per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	-	0,03	0,01		0,02 (4 uteksaminerte)
Mengd disputerte doktorgradskandidatar av opptatte personar på doktorgradsprogram seks år tidlegare	-	-	-	-	1/3

Ved utgangen av 2011 er det 18 stipendiatar ved HSH, der eit av stipendiata er eit post doc-stipend. Fire av desse er bidragsfinansierte gjennom helseføretak eller NFR. Stipendiatane er tekne opp til PhD-program ved institusjonar i Noreg, Sverige, Finland og Danmark.

Det har vore fire disputasar i løpet av 2011. Det eine prosjektet er gjennomført ved Norges Handelshøgskole, og omhandlar nye prinsipp innan rekneskap i helsesektoren. Det andre prosjektet vart gjennomført ved NTNU, og vurderer kor vidt geografiske informasjonssystem (GIS) er eigna i geografifaget som undervisningsfag. Det tredje prosjektet omhandlar sikkerheit i nautisk industri. Ein av våre deltidstilsette disputerte ved UiS innan tema tunnelbrannssikkerhet. Vedkommande har vore stipendiat ved HSH.

Fleire stipendiatar nærmar seg no slutten av stipendiatperioda. Stipendiatane ved HSH har sin hovudretteleiar ved andre institusjonar, men HSH gjer eigne tiltak for å auke gjennomføringsgraden for stipendiatane. For eksempel har alle stipendiatar ein bi-retteleiar knytt til HSH. Vidare ser vi det som viktig at stipendiatane og prosjekta deira vert ein integrert del av FoU-aktivitetane og profilområda ved høgskolen. Derfor arbeider vi for å integrere stipendiatprosjekta i større prosjekt (mellom anna dei bidragsfinansierte) og mange av stipendiatane er knytt til nasjonale forskarskolar. Vi er medlem i Nasjonal Forskarskole for Lærarutdanning (NAFOL). Her har vi tre tilsette som deltek. HSH har vidare vore pådrivar i UH-nettVest si oppretting av forskarskolen i musikk (Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies). To av stipendiatane og to av dei tilsette i fyrstelektorløp er knytt til forskarskolen i musikk. For nærare omtale av forskarskolen i musikk, sjå rapportering for SAK under sektormål 4. UH-nettVest har prøvd å utvikle ein tilsvarande forskarskole innan helse- og sosialfag. Dette arbeidet er for tida stilt i bero.

Kompetanseplanar med mål om fyrstelektorkvalifisering

Våren 2011 vart det lyst ut midlar til tid og driftsmidlar for fyrstelektorkvalifisering. Om lag 20 tilsette er no i fyrstelektorløp ved HSH. Tildelinga av tid og driftsmidlar inneber at kandidatane får godkjend eigen kompetanseplan der mål for resultatoppnåing framgår. Oppfølging av kandidatane i

fyrstelektorløp vil vera viktige tiltak inn i 2012 for å sikre at satsinga innanfor kompetanseutvikling gir ønska resultat (sjå plan 2012).

Kurs i vitskapsteori

Ettersom vitskapsteori er ein viktig del av kvalifisering til førstekompetanse, vart det hausten 2011 sett i gong eit eige kurs i vitskapsteori og kunnskapsforståing med omfang tilsvarande 10 studiepoeng. Me samarbeider med Høgskolen i Oslo og Akershus om faglege ressursar og program. Det er totalt 26 deltakarar på kurset der 15 deltakarar er frå HSH og 11 frå Universitetet i Stavanger. Kurset blir avslutta i mars 2012.

Rekruttering av fagtilsette med høg kompetanse

Med høg forventa aldersavgang blant dei fagtilsette, er tiltak innanfor rekruttering viktig for å sikre at andelen fagtilsette med fyrstekompetanse er høg nok. Gjennom rekrutteringa av dei fagtilsette sikrar vi også nettverk både nasjonalt og internasjonalt. Rekruttering er også eit viktig tiltak inn i plan 2012.

Verksemdsmål 2.4

Dei statlege høgskolane har eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionane. Samtidig skal dei statlege høgskolane innrette sin forskingsinnsats slik at dei oppnår resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der dei tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

Tabell 19 Styringsparameter verksemdsmål 2.4

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Publikasjonspoeng per undervisnings, forskings og formidlingsstilling	0,34	0,28	0,28	0,3	0,28*
Publiseringspoeng per avdeling	53	51,4	54,6	50	48,5
ALK	2,7	7,6	6,9	-	7,5
ATØM	37,5	30,3	31,9	-	34,5
AHF	12,8	13,5	15,8	-	6,73
NFR tildeling per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (i 1000 kr)	48	62	41	35	45
EU-tildeling per undervisnings-, forskings og formidlingsstilling (i 1000 kr)	0,46	0,92	0,41	0,4	0,37

*Tala er med atterhald, då dei er berekna manuelt. Offentlege tall vil ikkje liggje føre før i april.

2009 var eit toppår for tildeling frå NFR til HSH, ettersom HSH på dette tidspunktet hadde fem store prosjekt finansiert av NFR. I løpet av 2010 og 2011, vart det avslutta fire 3-årige prosjekt med ein

ekstern finansiell ramme på over 22 mill. I 2011 og for 2012 gjenstår no eit større ekstern finansiert prosjekt – Maritim Kompleksitet. Dette prosjektet er 4-årig med ein samla ekstern finansiell ramme på over 19 mill (inkl. 4 mill frå lokal industri).

Desse store prosjekta har gitt FoU aktivitetane ved høgskolen eit stort løft. Samstundes vert det også krevjande å oppretthalda nivået når prosjekta avsluttast. For 2011 var ressursar til FoU derfor eit viktig fokusområde. Under sektormål 4 omtalar vi arbeidet med å frigjera ressursar til kompetanseutvikling og FoU, som det vart lagt stor vekt på i 2011. For å auke tilfanget av bidragsfinansierte forskning har fokuset ved HSH vore på søknadsarbeid og nettverksarbeid i 2011.

Programorganisering av FoU: Styrking av FoU-miljøa på HSHs faglege satsingsområde

Vi har så langt oppretthalde den programorganiseringa av FoU som er gjort reie for i tidlegare rapportar og planar. Interne ressursar til FoU-tid og kompetanseutvikling for dei tilsette kanalisert hovudsakeleg via FoU-programma. Viser til rapportering under verksemdsmål 2.1 for ei omtale av satsingsområda på dei tre fagavdelingane.

Modellen tilseier at FoU-programma vert leia av ein programleiar som også rettleiar og følgjer opp deltakarar og aktivitetar i programmet.

FoU-programma skal vere i stadig utvikling i takt med samfunnsendringar, regionale behov og endringar i intern kompetanse. HSH vedtek i januar 2012 revidert strategisk plan (2012-2016). Som eit ledd i operasjonaliseringa av denne, vil FoU-programma bli gjennomgått, både i lys av faglege satsingsområde og eventuelle behov for revidering av rollefordelingane i programma.

Søknadar til NFR i samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og næringslivet

I 2011 har det blitt lagt stor vekt på å få fram nye søknadar til NFR. For nokre av søknadane er HSH koordinator/hovudinstitusjon, mens vi i andre tilfeller er FoU-partnar.

HSH har hatt forprosjektfinansiering for to NFR-søknadar innanfor lærarutdanning i 2011. Etter at vi ikkje nådde fram med ein søknad innanfor PRAKUT våren 2011, har HSH dermed levert to hovudsøknadar til NFR i november 2011 innanfor PRAKUT og UTDANNING 2020. I tillegg er vi samarbeidspartnar for ein tredje søknad på dette området, der UiB er prosjekteigar. Vi ventar svar på desse søknadane i løpet av våren 2012.

HSH har også vore FoU-partnar i samband med fleire andre søknadar i 2011:

- Brukarstyrte innovasjonsprosjekt (BIP):
 - PETROMAKS med DeepWell AS som prosjekteigar (avslått)
 - MAROFF med EF Tech som prosjekteigar (innvilga)
- Transportsikkerheit (TRANSIKK) med UiB som prosjekteigar (innvilga)
- Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) med NOVA som prosjekteigar (innvilga)

HSH er også samarbeidspartnar på NFR-prosjekt innanfor helsefag. Dette har resultert i frikjøp av ein forskar innanfor helsefag til eit NFR finansierte prosjekt der HiVe er prosjekteigar (60-80 % i 3 år). Eit anna eksempel er samarbeid med HIB om ein post.doc som er finansierte av NFR (50 % i 3 år). Status

som samarbeidspartner er svært positivt, men inneber også nye utfordringar knytt til fare for redusert fyrstekompetansedel eller Resultatbasert omfordeling (RBO), dersom dette krev delte tilsettingsforhold for dei involverte.

Søknadar til internasjonale finansieringskjelder

I forhold til utanlandske finansieringskjelder var vi partner i søknad til sjuande rammeprogram innan SECURITY med prosjekt "Handling malovement explosions in urban areas; prevention of blasts and blast effects" (Brannsikkerhet). Det var ein dansk koordinator for denne søknaden, som vart avslått. Vi er også partner i ein annan sjuande rammeprogram-søknad innan SECURITY med prosjekt "Resilient Infrastructures and Structures against Emergencies" (Dansk koordinator). Her ligg enno ikkje føre resultat.

I august 2011 leverte vi søknad om PES-midlar frå NRF til utvikling av 7RP prosjekt innan Science in Society for prosjekt "CREAT-IT". Utviklinga av denne prosjektsøknaden har gått føre seg heile hausten 2011, og er levert i februar 2012. Dette prosjektet har lagt grunnlaget for oppbygging av ein stor internasjonal portefølje med eit prosjektkonsortium med totalt to norske og 18 utanlandske partnerar. Overrisslingsmidlar frå UH-nettVest har vore viktig grunnlag i denne søknadsprosessen.

Medeigarskap innan EU-fageininga for forskning, saman med mellom anna UiS, held fram. HSH er med i styringsgruppa for denne. Vi vidarefører også medlemskap i Stavanger Regionens Europakontor i Brussel. Denne medlemskapen vert om gjort til Foreining i ny avtaleperiode (2012 – 2016). Rektor er medlem i styringsgruppa, medan FoU-leiar er medlem i arbeidsgruppa for denne foreininga.

Regionale forskingsfond

Utlysingane innanfor Regionale Forskingsfond (RFFVEST) er nærings- og industriorienterte med fokus på innovasjon og nyskaping, og derfor også dominert av brukarstyrte innovasjonsprosjekt. HSH er dermed mest aktuell som FoU-partnar. I 2011 har vi vore FoU-partar i samband med to søknader:

- Forprosjekt: "Tverrfaglig forskingsfront for Subsea Well Intervention, Forankring av et nytt markedssegment for norske kunnskapsarbeidsplasser" der DeepWell AS er prosjekteigar (innvilga).
- "Et kunnskapsbasert Hordaland/Rogaland" med IRIS som prosjekteigar (avslått)

I slike prosjekt er FoU institusjonar som HSH berre partner i prosjekt, og ikkje prosjekteigar.

Helsetorgprosjektet

Innan helsefag er Helsetorgprosjektet eit innovativt prosjekt der tre partar: Høgskole (HSH), helseføretak (Helse Fonna) og sentrale kommunar i regionen (Haugesund, Stord, Bømlo, Tysvær, Karmøy, Sveio og Odda m.fl.) samarbeider om å førebu kompetanseoverføring og samhandling, samt oppretting av FoU-einingar i samband med samhandlingsreforma.

Prosjektet er avgrensa til brukargruppene eldre og kronisk sjuke. Dette inneber at kommunar i Helse Fonna regionen bidreg med midlar i form av 5,- kr. pr innbyggjar medan HSH og Helse Fonna bidreg med tilsvarande beløp i form av løn til tilsette med FoU-kompetanse. FoU-eininga vert leia av ein tilsett ved HSH og midlane vert nytta til å kjøpa FoU-kompetanse frå andre tilsette ved HSH.

Forskningsnettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt

For å skape robuste fagmiljø er regionale, nasjonale og internasjonale forskarnettverk heilt avgjerande. HSHs regionale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar bidreg på ulike vis, mellom anna ved:

- Generell styrking av FoU-prosjekt i både søknads- og gjennomføringsfasa av prosjekta
- Etablering av formelle forskningsnettverk som kan resultere i mellom anna forskarskolar
- Fagleg og forskingsmessig rettleiing i samband med mellom anna publisering
- Deltaking på faglege seminar, work shops o.l.
- Som professor II. Desse bidreg både i prosjektutvikling, søknadsskriving, rettleiing av forskarar, PhD-kandidatar og også masterkandidatar.
- Som vertskap for regionale, nasjonale og internasjonale kongressar og konferansar

HSHs regionale og nasjonale forskningsnettverk

Gjennom HSHs medlemskap i UH-nettVest er HSH del av fleire veletablerte regionale forskningsnettverk. Desse er omtala under verksemdsmål 4.4.

På nasjonalt nivå er HSH del av ei rekkje nasjonale nettverk knytt til dei ulike fagmiljøa.

Deltakinga i regionale og nasjonale forskningsnettverk gir både grunnlag for generelle samarbeid innanfor forskning og utvikling og dermed meir robuste fagmiljø. I tillegg gir dei resultat i form av felles søknadar til ulike finansieringskjelder, slik vi har omtala tidlegare under sektormål 2.

Internasjonale forskarnettverk

Gjennom Erasmusprogramma har dei tilsette ved HSH moglegheiten til nettverksbygging internasjonalt ved å delta i utvekslingar. I 2011 har 19 tilsette motteke utvekslingsstipend. I 2011 søkte HSH også ERASMUS Intensive Programmes (IP), og fekk innvilga prosjekt innan "Creative and Aesthetic learning processes". HSH er dermed koordinatorar i dette prosjektet, som vil bli gjennomført i 2012. Dette inneber at fire lærarar og 24 studentar frå HSH deltek i internasjonal utveksling, som del av totalt 15 lærarar og om lag 60 studentar. I 2012 er vi også partnarar i eit tilsvarande prosjekt, søkt via Belgia, der to lærarar frå HSH reiser.

HSH er vidare deltakar og styremedlem i internasjonalt nettverk om sårbehandling "The International Skin Care Nursing Group (ISNG)". Det er også levert søknader til NORDPLUS, og her er innvilga midlar til prosjekt innan etablering av "Nettverk innan naturfag". I samband med søknadane til internasjonale finansieringskjelder er det også utvikla eit omfattande nettverk av forskarar.

HSH har vidare tilsette, både i ordinære stillingar og professor II-stillingar med internasjonal bakgrunn. Dette er viktig både med bakgrunn i kompetansen desse innehar og på grunn av det internasjonale nettverket desse bidreg med.

Sektormål 3

Høgskolar skal medverke til å spreie og formidle resultat frå forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, og bidra til innovasjon og verdiskaping basert på desse resultatane. Høgskolane skal også leggje til rette for at tilsette og studentar kan delta i samfunnsdebatten.

I plan for 2011 vart eit godt samarbeid med regionen trekt fram under sektormål 3. Det var særleg peikt på fokuset avdelingane skulle ha på dialog med regionen for å sikre at vi fangar opp behov innanfor etter- og vidareutdanning og at vi avstemmer regionens forventningar med det HSH kan tilby.

Verksemdsmål 3.1

Universitet og høgskolar skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultatane frå forskning og utviklingsarbeid

HSH tilfører resultat frå forskings- og utviklingsarbeid både gjennom kanalar som gir utteljing gjennom publiseringspoeng og ei rekkje andre regionale, nasjonale og internasjonale kanalar.

Som vi har vist under sektormål 2, har HSH fleire store forskingsprosjekt som i 2011 var i slutføringsfasa. Det er forventa at ein får publiseringspoeng som ein følgje av desse, men på grunn av prosessane kring publisering, vil effekten først vise seg i 2012. Vi viser også til rapporteringa under sektormål 2 for omtale av arbeide med å sikre bidragsfinansiering av FoU-aktiviteten ved HSH. Bidrags- og oppdragsfinansiert etter- og vidareutdanning er omtala under verksemdsmål 3.2.

Skriftserie for HSH vidareførast, men omfanget blir påverka av at fagtilsette ønskjer å publisere i meir meritterte eksterne kanalar. Det er etablert eit opent elektronisk publikasjonsarkiv - BRAGE som publikasjonsarkiv for HSH.

Regionalt er det særleg som pådrivar og vert for arrangement HSH utøver si rolle som formidlar og deltakar. Arrangementa spenner vidt frå internasjonale forskingskonferansar til offentlege eksamenskonsertar og –utstillingar.

Våren 2011, som i 2010, vart Rommetveitseminaret arrangert. Dette er både ein konferanse for forskarar nasjonalt og internasjonalt, men og ein arena der regionen vert invitert inn som tilhørarar. Vi arrangerte og eit seminar med tema "Gifted and talented pupils". Dette var særleg retta mot lærarar i grunnskolen. Hausten 2012 vart det arrangert to helsefaglege forskingskonferansar. Ein om Eldreomsorg/samhandling og ein om Person Centred Care. I Haugesund vart Sildajazzkonferansen arrangert, med over 100 deltakarar og sikkerheit og undervannsoperasjonar som tema.

Representantar for Avdeling for tekniske, økonomiske og maritime fag deltek på møter i bransjeforeiningar. Dette er med på å synleggjera FoU-resultata på dei ulike områda for næringslivet.

Regionens barnehagar og skolar blir invitert i samband med både forskingsdagar, barnebokfestivalen Falturiltu, operaførestillingar, andre musikkframsettingar og utstillingar og i samband med dei årlege samtidisdagane. Helsefag har vidare inngått samarbeid med vidaregåande skolar, slik at desse gjennomfører noko undervisning i Høgskolens lokalar, noko som har fått positiv medieomtale og blir

sett på som eit rekrutteringstiltak. Også arrangement som Researchers Night, Kulturnatt og Internasjonal Aften er med på å synleggjere høgskolens aktivitet for regionen.

Nytt i 2011 er Stordtinget, der Høgskolen samarbeider med andre lokale aktørar om å arrangere debattar kring aktuelle tema. I 2011 vart mellom anna problemstillinga knytt til alderssamansetninga i kommunestyra trekt fram, med ein av høgskolens tilsette i debattpanelet.

HSH har vidare starta ein serie med populærvitskaplege føredrag, der interne fagfolk presenterer arbeida sine eller anna dei brenn for i fagleg samanhang. Vi inviterer også gjesteforelesarar til å halde føredrag, som er opne for publikum.

Etter- og vidareutdanningane, med tilhøyrande seminar, er i tillegg viktige for å formidle resultatane frå og få innspel til forskings- og utviklingsarbeid. For eksempel lyser vi ut delar av nokre vidareutdanningar som etterutdanning, noko som også fungerer som marknadsføring av vidareutdanninga. Eit døme er seminarilbodet knytt til "psykisk-sosialt arbeid med born og unge". Ca 800 personar har teke del på slike seminar dette studieåret.

Verksemdsmål 3.2

Universitet og høgskolar skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping

Tabell 20 Styringsparameter under verksemdsmål 3.2

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Omfang/andel bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ift samla driftsinntekter	26753/ 10,7	26877/ 10,2	23129/ 8,3	-	25207/ 8,9
Mengd nyoppretta selskap	-	-	-	0	0
Mengd motteke Forretningsidear	-	-	3	0	0

HSH har ei viktig rolle i samfunns- og næringsutviklinga i regionen. Dette gjekk klart fram i rapporten: *Høgskolen Stord/Haugesund - fusjon, fisjon eller status quo?* som NIFU utarbeida for HSH våren 2011. Her påpeikte sentrale aktørar innan industri, næringsliv og offentlig sektor i Nord-Rogaland og Sunnhordland, HSH si sentrale rolle i dag og vidare framover. Det blei vist gjennom trongen for høgare utdanna arbeidskraft og kompetanse, fleksibel etter- og vidareutdanning, tilrettelegging for deltidsstudiar - og styrking av regional konkurranse- og innovasjonsevne.

KD ber spesielt om tilbakemelding kring arbeidet med å utvikle retningslinjer for immaterielle rettigheter. HSH har ikkje eigne retningslinjer som regulerer rettar i mellom arbeidsgjevar og tilsette i

saker kring opphavsrett, industriell eller anna kommersialisering som følgje av særskilde arbeidsresultat. Men høgskolen sin samarbeidsavtale med Prekubator bidrar mellom anna til at arbeidsresultat kan få ein relevant kommersialiseringskanal. Prekubator representerer høgskolen som samarbeidspart i slike saker, og ikkje dei einstilte tilsette. Me har så langt ikkje hatt saker som vedrører desse problemstillingane. Me har også registrert eit ønske innan sektoren om ein felles rettigheitspolitikk og HSH sluttar oss til dette.

HSH fangar opp og avstemmer forventningar gjennom fleire ulike kanalar

For å fange opp og avstemme regionens forventningar til oss, har Høgskolen ulike samarbeidsfora. På institusjonsnivå vart det oppretta eit arbeidslivråd i styremøtet 1. desember 2011 der sentrale samfunnsaktørar i regionen og studentrepresentantar er med. I tillegg er det etablert studiebyutval med begge vertskommunane: Stord og Haugesund.

På avdelingsnivå er HSH pådrivar og/eller deltakar i fleire samarbeidsråd som er svært viktige for vår dialog med regionen. At HSH er heimheyrande i to fylker gjer at vi i ein del tilfeller har fleire samarbeidsråd enn det som elles hadde vore naturleg.

HSHs lærarutdanning samarbeider med kommunar i regionen gjennom å vera del av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) og NordR, eit samarbeidsforum innan skoleutvikling for kommunane Bokn, Haugesund, Karmøy, Sauda, Suldal, Tysvær, Utsira og Vindafjord i Nord- Rogaland. EVU-leiaren ved HSH er representant i Samarbeidsrådet til Stat-Ped Vest og sit i utdanningsdirektøren/KS sitt samarbeidsråd i begge fylker.

GNIST-kampanja som starta opp våren-2010 har til hensikt å auke rekrutteringa til grunnskolelærarutdanninga. Det gjeld for samarbeidsrådet for skole og utdanning i Rogaland og Hordaland fylke, og det gjeld også for den nyoppretta riksdekkande kampanjen som tilsvarer Gnist for førskole, der vi er representert i begge vertsfylka. Vi har eit tett og godt samarbeid med praksisfeltet og enkeltskolar (partnarskapsskolar) om FoU-samarbeid og utvikling og dekking av etter- og vidareutdanningsbehov.

Avdeling for Tekniske-, Økonomiske- og Maritime fag har eit arbeidslivråd med ein samansetning som avspeglar høgskolen sin petromaritime satsing. I tillegg til arbeidslivrådet har avdelinga inngått partnarskapsavtaler med reiarnering og dei store aktørane i verftsneringen der ein har jamlege møter. Vi er medlem i Sjøfartens rekrutterings- og UtdanningsForum (SURF), det regionale industripartnarskapet saman med mellom anna Aker Kværner, Wärtsila, Westcon, Aibel og Apply Leirvik, i Haugesund Rederiforening og deltakarar i Global Maritime knowledge hub. Vi er vidare styremedlem i Maritimt Forum, Atheno as, Haugaland Kunnskapspark (som vart lagt ned medio desember 2011 og samanslått med stiftelsen Polytec), ResQ, samt i nytt Simulatorcenter (SIMSEA).

Innan helsefag eksisterer to samarbeidsfora med praksisfeltet (kommunar og helseforetaket). Eit på dekannivå og eit på studieleiarnivå. Desse er viktige arenaer for samarbeid om studiar, praksisorganisering, FoU-prosjekt og utvikling av nye EVU-tilbod. Dette kjem i tillegg til andre utdanningsdregne samarbeidsorgan som praksisråd, styringsgrupper for samarbeidsprosjekt regionalt, samt dialogmøter med praksisrettlearar. Vi deltek også i Senter for omsorgsforskning vest og samarbeidsorganet mellom Helse Vest RHF og høgskolane/universiteta i regionen. I tillegg har vi

representasjon i Helse Vest sitt nettverk for palliasjon og Kompetansesenter for habilitering/rehabilitering.

Avtalar med ulike aktørar i regionen gir resultat

Deltakinga i dei ulike samarbeidsfora ser HSH på som viktig for å oppretthalde og vidareutvikle vår rolle som samfunns- og kunnskapsutviklar i regionen. Samarbeida har på generelt grunnlag så langt resultert i både intensjonsavtalar og avtalar av meir forpliktande karakter.

Eksempel på intensjonsavtalar er avtala mellom HSH og ulike aktørar i Saudaregionen underteikna i 2009. Avtala har som formål å stimulere livskraftige lokalsamfunn ved å utvikle eit system for utdanning og vidareutdanning retta mot både offentleg sektor og privat næringsliv i regionen Sauda, Suldal og Vindafjord. Resultatet så langt har vore fleire vidareutdanningar som har vorte gjennomført i Sauda, både med og utan bruk av e-læringsverktøy. Eit eksempel er vidareutdanningstilbod i "omstillingslære". 63 deltakarar gjennomførte tilbodet i Sauda med videooverføring til Suldal. Slik bruk av videooverføring har vist seg tenleg i dette området og vil bli satsa på også i framtida. Regionen uttrykker at HSHs tilbod er viktig for samfunns- og kunnskapsutviklinga og i 2012 er derfor avtala utvida til også å gjelde fleire andre kommunar i Nord-Rogaland i samarbeidet som er kalt Partnerskap med utdanning i Ryfylke.

Haugalandsløftet er eit anna døme på eit prosjekt der kommunane i Nord-Rogaland, to kommunar frå Sunnhordland, Helse-Fonna, Statsped Vest og HSH går i lag for mellom anna få til eit løft for høgare kompetanse og betre utnytting av ressursane innanfor det spesialpedagogiske feltet.

I felles politisk sak til kommunestyra i dei samarbeidande kommunane står fylgjande om HSH:

For å nå dei måla ein har sett i prosjektet, som handlar mykje om kompetansebygging, er det vurdert som heilt sentralt å få eit nært samarbeid med Høgskolen Stord/Haugesund. HSH blei kontakta tidleg i prosessen og har vore representert i arbeidsgruppa. I denne typen kompetanseløft er det viktig å sette mål om å gi spisskompetanse lokalt for å redusere kostnadane til reise, tid og opphald.

Haugalandsløftet vil bli formalisert ved avtale i løpet av våren 2012.

Formaliserte samarbeid med regionen gir gode resultat, og i plan 2012 omtalar vi korleis HSH arbeider vidare for å formalisere samarbeid med ulike aktørar i regionen.

Samfunns- og næringsutvikling gjennom både etter- og vidareutdanning og FoU-prosjekt

Etter- og vidareutdanning finansiert både av tildeling, av bidrag og som oppdrag

Høgskolen har i fleire år vore ein sentral aktør i samband med etter- og vidareutdanning tilpassa regionen sin trong for kompetanseutvikling. Dette dreier seg både om etter- og vidareutdanningar finansiert av KD-tildeling og bidrags- og oppdragsfinansiert EVU. Høgskolen nyttar dialogen med aktørane i regionen for å avklare på kva område det er behov for etter- og vidareutdanning med ulike finansieringsformer. Vi utviklar stadig nye studietilbod i samarbeid med aktørar i regionen. Siste døme på dette er to studietilbod (å 15 sp) knytt til overvektspromatikk hos barn/unge (førebygging og behandling). I tillegg har vi starta dialog med praksisfeltet om å utvikle nye studietilbod innan KOLS/lungesjukepleie, intensivpleie i kommunehelsetenesta, folkehelsearbeid og heimerehabilitering.

Hausten 2011 var 30-stp-vidareutdanning innanfor leiing i skolen avslutta, eit oppdrag som har vore finansiert av Forum for oppvekst i Sunnhordland. I plan 2012 omtaler vi korleis HSH arbeider for å sikre rett nivå på bidrags- og oppdragsfinansiert vidareutdanning ved HSH.

Helsedirektoratet og Utdanningsdirektoratet er viktige finansieringskjelder for etter- og vidareutdanning. I studieåret 2011-2012 er det tre kull inne i tverrfagleg vidareutdanning for psykososialt arbeid med barn og unge finansiert av Helsedirektoratet. Totalt finansierer Helsedirektoratet vidareutdanning for 110 studentar. Med omlegginga av Kompetanse for kvalitet håpar HSH at kostnadene for kommunane ved deltaking i tilboda knytt til kompetanse for kvalitet blir lågare, slik at det blir meir ettertrakta for kommunane å delta på desse. Gjennom vårt samarbeid på Vestlandet har Utdanningsdirektoratet i 2011 også finansiert utvikling og utprøving av etterutdanningar. Dette arbeidet blir avslutta våren 2012.

Innovasjon og verdiskaping gjennom felles FoU-prosjekt med samfunnsaktørar og næringsliv

Akademisk entreprenørskap og arbeid med innovasjon står sentralt i fleire FoU-prosjekt på tvers av avdelingane. Dette vert mellom anna synleg i arbeidet med EU/FP7 søknaden CREAT-IT (omtala under sektormål 2), i arbeid med utvikling av mastersøknad innanfor lærarutdanning, og i eit av delprosjekta i HSH-prosjektet for implementeringa av den ny grunnskolelærarutdanninga med studentkonferansen UNDERVEGS. I samband med innovasjon og verdiskaping vil vi likevel spesielt trekke fram prosjekta i samband med Helsetorgmodellen og dei brukarstyrte innovasjonsprosjekta HSH deltek i.

KD har som styringsparameter under sektormål 3 'nyoppretta selskap' og 'forretningsidear'. I 2011 har HSH ingen.

Helsetorgmodellen

Samarbeidet i Helsetorgmodellen held fram saman med partnarkommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Stord, Bømlo, Odda og Sveio, samt Helse Fonna HF. HSH sitt bidrag til prosjektet dreier seg både om forskings- og utviklingsarbeid og tilbod av etter- og vidareutdanning. Dekan for helsefag sit i styringsgruppa for prosjektet.

All aktivitet i Helsetorgmodellen er innovasjon og utviklingsarbeid. Det langsiktige målet er å knytte forskingsaktivitet til utviklingsprosjekta. Samhandlingsreformens krav om FoU-einingar i kommunane gir dermed resultat i form av FoU-prosjekt i tett samarbeid med aktørar frå den offentlege helsetenesta i regionen. Vi har også starta arbeidet med å integrere denne FoU-aktiviteten i utdanningane. Målet er å knytte stadig fleire masteroppgåver eller bacheloroppgåver til prosjekta.

Brukarstyrte innovasjonsprosjekt (BIP)

Under sektormål 2 er søknadar knytt til fleire brukarstyrte innovasjonsprosjekt omtala. Vi er partner i brukarstyrt innovasjonsprosjekt kring Ballastvatn forskning finansiert av Forskningsrådet. HSH er prosjektleiar for konsortiet medan reiarlaget KNUTSEN OAS er prosjekteigar som også bidreg med ein betydeleg eigenandel av finansieringa. Vi er også FoU-partnar i brukarstyrt innovasjonsprosjekt innan hybride el-kraftforsyningsystem på skip, finansiert av Forskningsrådet i konsortium leia av EF Tech.

Fokuseringa på næringslivsretting innan aktuelle utdanningar er også tydeleg der høgskolen legg til rette for møteplassar mellom regionens næringsliv og en del offentlige verksemder til felles prosjektarbeid.

SEKTORMÅL 4

Universitet og høgskolar skal organisere og drive si verksemd på ein slik måte at samfunnsoppdraget blir best mogleg ivareteke innanfor ramma av disponible ressursar.

I plan 2011 vart det framheva følgjande fokusområde ved HSH knytt til sektormål 4:

- Ein velfungerande intern kontroll (omtala under verksemdsmål 4.3)
- Velfungerande institusjonssamarbeid (omtala under verksemdsmål 4.4)
- God styring med ny leiing i 2011

Verksemdsmål 4.1

Høgskolane skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

I høve til rekneskapsresultatet for 2011 og økonomisk status viser vi til leiarkommentarane til rekneskapsrapporten for 2011 som er sendt til KD med frist 15.februar.

I 2011 har vi hatt fokus på kartlegging og bevisstgjerings av ressursbruk i dei ulike utdanningane, sett opp mot inntektene studia genererer. Utgangspunktet for dette arbeidet var lite handlingsrom for tildeling til FoU og kompetanseutvikling for delar av fagavdelingane. I neste steg har vi vidareutvikla verkty for å følgje opp ressurstildelinga til studia og innanfor enkelte studiar har vi redusert kostnadsnivået for å tilpasse kostnader til inntekter, og på denne måten frigjort meir ressursar av KD-tildelinga til FoU og kompetanseutvikling. Styringsmessig har dette vore svært viktig: Vi har eit langt meir bevisst forhold til intern ressursdisponering, men det er viktig å heile tida ha avveginga mot kvalitet.

Tabell 21 Styringsparameter under verksemdsmål 4.1

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Driftsutgifter per avlagte 60-studiepoengseiningar	139	144	145	146	151
Driftsutgifter per publikasjonspoeng	4667	5121	5533	5600	5748 ⁸
Forholdet mellom mengda tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og mengda tilsette i administrative stillingar	2,2	2,3	2,3	2,3	2,2

⁸ Publikasjonspoeng for 2011 er foreløpige tal

I 2011 har HSH driftsutgifter pr. avlagte 60-studiepoengseining på 151 000. I 2010 var dette 145 000. Auken er knytt til lågare total studiepoengsproduksjon. I 2010 var dette forholdstalet 152 000 for dei statlege høgskolane samla (tal for 2011 er ikkje klare). Dette viser at vi har eit kostnadsnivå om lag som gjennomsnittet av dei statlege høgskolane.

For 2011 har vi foreløpige tal for publikasjonspoeng. Med utgangspunkt i dette har vi driftsutgifter pr. publikasjonspoeng på kr. 5 748. Vi har ikkje tal for dei andre høgskolane. I 2010 var gjennomsnittet for dei statlege høgskolane på kr. 4560, medan vi låg på kr. 5108 pr. publikasjonspoeng. Dette viser at våre kostnader per publikasjonspoeng relativt sett er høge, noko som skuldast lågare produksjon av publikasjonspoeng enn gjennomsnittet.

Forholdet mellom vitenskaplege og administrativt tilsette har vore nokså stabilt på rundt 2,2-2,3 dei siste åra. HSH har i 2011 2,2 vitenskaplege stillingar pr. administrativ stilling. Gjennomsnittet for dei statlege høgskolane er på 2,0. Dette viser at HSH har ein lågare andel administrativt tilsette enn snittet for høgskolane.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolane skal gjennom sin personalpolitikk medverka til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

Kompetansenivå

Førstekompetansenivået ved institusjonen, målt i prosentdel førstestillingar, er om lag uendra frå 2010. Nye kompetanseopptrykk har kompensert for naturleg avgang i 2011. I styresak om tiltak for kompetanseutvikling vart det peika på til dels store utfordringar med omsyn til "fornyng" av personale med førstekompetanse. HSH satsar aktivt på kompetanseutvikling i undervisnings- og forskarstillingar, spesielt gjennom stipendiatstillingar, førstelektorprogram og samarbeid i Universitets- og høgskolenettet på Vestlandet (UH nett Vest).

Rekrutteringsarbeidet er målretta i høve til kompetansenivå og fagleg profil. Generelt har det vore ei utfordring å rekruttere personale med førstekompetanse. Denne kompetansen må vi i stor grad byggje opp internt. Med aukande utdanningsnivå i samfunnet er det eit mål at fleire tilsette med førstekompetanse innan aktuelle fagområde kan rekrutterast eksternt.

Sjå også omtale av kompetanseutvikling under sektormål 2 der vi omtalar tiltak og resultat i 2011.

Tabell 22 Del fyrstestillingar

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Del fyrstestillingar av total mengd undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,27	0,27	0,3	0,3	0,3

Kvinneandel

Total kvinneandel i HSH auka frå 0,58 til 0,60, jf. tabell nedanfor. Kvinneandelen varierer i ulike stillingskategoriar og fagmiljø. Ved klår underrepresentasjon i nokre stillingskategoriar/fagmiljø vart kvinner spesielt invitert til å søkje ledige stillingar gjennom utlysingstekst. Prosentdel kvinner i undervisnings- og forskarstillingar reflekterer i stor grad dei profesjonane HSH utdannar for, til dømes sjukepleiar og lærar, som har relativt høg kvinneandel. Fokus vart i 2011 retta meir mot kjønnsbalanse. HSH gjennomførte hausten 2011 eit møte med *Komité for kjønnsbalanse i forskning* og drøfta vidare arbeid, mellom anna med vedteken handlingsplan for likestilling.

Det er ikkje eit eintydig bilete som tilseier ynskje om auka kvinneandel innan alle delar av verksemda. I eit karriereutviklingsperspektiv er det interessant og positivt at det no er eit klart fleirtal av kvinner både i leiarstillingar og stipendiatstillingar. Kvinneandel på professornivå er lågare enn ønskjeleg.

I samsvar med styrevedtak endra Likestillingsrådet i HSH namn til Likestillings- og inkluderingsrådet f.o.m. 1.8.2011. Dette signaliserer eit utvida perspektiv på likestillingsarbeidet.

Tabell 23 Andel kvinner

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Del kvinner totalt	0,58	0,58	0,58		0,60
Del kvinner – per støttestillingar	0,82	0,84	0,63	-	0,63
Del kvinner – per undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar	0,52	0,53	0,55		0,56
ALK	0,50	0,53	0,57		0,58
ATØM	0,30	0,31	0,30		0,32
AHF	0,76	0,78	0,78		0,82

Reduksjon i midlertidige tilsettingar

HSH har redusert talet på midlertidig tilsette dei tre siste åra. Offisielle DBH-tal viser ein reduksjon i prosentdelen av midlertidig tilsette frå 21 % i 2009 till 18 % i 2011. I same periode har gjennomsnittet for statlege høgskolar auka til 23 %.

Tabell 24 Andel midlertidig tilsette

	2009	2010	2011
Universitetssektor	0,39	0,39	0,39
Statlige høgskolar	0,22	0,22	0,23
Høgskolen Stord/Haugesund	0,21	0,20	0,18

Kjelde: DBH

Det vert lagt til grunn at rapporteringskravet primært gjeld undervisnings- og forskarstillingar. For utdanningsstillingar, jf. lønnsplan 17.515 Utdanningsstillingar – kode 1017 stipendiat, vert det som hovudregel nytta tilsetning på åremål med heimel i UH-lova § 6-4. Om lag halvparten av stipendiatane ved HSH har permisjon frå fast undervisnings- og forskarstilling medan dei er tilsett som stipendiat på åremål. På kort sikt medfører dette vikarbehov og fleire midlertidige tilsette. På lengre sikt vil HSH oppnå viktig kompetanseutvikling i faste undervisnings- og forskarstillingar.

Med sikte på reduksjon av midlertidig tilsetning, vart fleire langvarige vikariat i undervisnings- og forskarstillingar omgjort til faste stillingar i 2011 fordi pensjonsavgang dei næraste åra vil frigjera lønsmidlar. Formelle vedtak vart fatta av tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskarstillingar.

Styret og leiinga har auka fokus på midlertidige tilsettingar, og moglege grunnlag for utlysing av faste stillingar vert vurdert før vedtak om utlysing av stillingar.

Ny leiing hausten 2011

Store delar av leiinga vart endra frå hausten 2011. Vi fekk ny rektor, direktør og to av våre tre avdelingar fekk nye dekanar. I tillegg var det skifte av omlag halvparten av studieleiarane. Hausten 2011 har vi hatt fokus på internopplæring i eige seminar, i tillegg til dei løpande opplæringsprosessane.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolane skal ivareta høg kvalitet i økonomiforvaltninga. God internkontroll og effektiv ressursforvaltning skal tas omsyn til i institusjonen sine strategiske prioriteringar.

Prioritering av ressursar

KD ber om tilbakemelding på korleis strategiske val i økonomisk prioritering og rekruttering underbyggjer faglege ambisjonar innan forskning og utdanning. I 2010 hadde HSH ein høg aktivitet innan både utdannings- og forskingsaktivitet. Både infrastruktur, støtteapparat og fagressursar var svært pressa. Dette drog vi til dels med oss inn i 2011, men styret planla å justere aktiviteten meir i tråd med mengd basisfinansierte studieplassar, spesielt innan EVU-området.

Problemstillinga knytt til kompetanseutvikling, som er omtala under verksemdsmål 2.1, har lagt viktige føringar for bruk av styrets strategiske midlar i 2011. I tillegg har avdelingane frigjort ressursar

til kompetanseutvikling gjennom kartlegging og bevisstgjerjing av bruk av ressursar i utdanningsverksemda (sjå verksemdsmål 4.1 for nærare omtale av dette arbeidet). Mellom anna har ressursane vore nytta til kurs i vitskapsteori og kompetanseplanar med mål om fyrstelektorkvalifisering.

I 2010/11 vart også fleire store NFR-prosjekt ferdigstilt. Problemstillinga i 2011 og inn i 2012 innan FOU-verksemda er manglande store eksternfinansierte FOU-prosjekt. Avdelingane har derfor prioritert ressursar inn mot søknadsskriving til NFR og EU. Arbeidet på dette området er nærare omtala under verksemdsmål 2.2. I tillegg til arbeidet med å få nye eksternfinansierte FoU-prosjekt, har kartlegging og bevisstgjerjing av bruk av ressursar i utdanningsverksemda også frigjort midlar til FoU-verksemda.

I 2011 har styrets også tildelt strategiske midlar til utstyr for kampusbasert e-læring og utvikling og implementering av nye rammeplanar innanfor barnehagelærarutdanninga, grunnskolelærarutdanningane og ingeniørutdanningane.

Avrekingar og likviditetsgrad

Den tildelingsfinansierte delen av verksemda hadde eit mindreforbruk i høve til tildelinga i 2011 på 3,8 mill kr. Vi viser til leiarkommentarane til rekneskapan for 2011.

Likviditetsgraden har halde seg jamt rundt 1,3 dei siste tre åra. Høgskolen har ein jamt god likviditet, og har ikkje hatt vanskar med å gjera opp ved forfall.

Tabell 25 Styringsparameter under verksemdsmål 4.3

Styringsparameter	Resultat			Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,4	1,3	1,3	1,3	1,3
Avrekingar (heile tusen kr)	393	-1 177	54	0	3 806

Intern kontroll

I reglement for økonomistyring i staten §14 er det stilt krav til intern kontroll i økonomiforvaltninga. Dei siste åra har Riksrevisjonen peika på ein del område som er knytt til manglande internkontroll. Dette har vi jobba målretta med, og ved utgangen av 2011 har vi ingen opne saker i forhold til Riksrevisjonen. I 2012 vil hovedfokuset vera på implementering/informasjon/opplæring i organisasjonen. Vi fortset også ei ytterlegare strukturering av internkontrollen innanfor økonomiforvaltninga.

Intern kontroll er knytt til alle område innan administrative funksjonar og samla styring av organisasjonen. Styret vil ha eit spesielt fokus på dette i 2012, og det blir tatt eit samla grep om

framdrift og struktur for heile organisasjonen for å sikre at intern kontroll er ein integrert del av kvalitetssikringssystemet (sjå plan 2012 for ei nærare omtale av dette).

Oppfølging av gjeldande regelverk for anskaffing

KD har i 2011 hatt ei evaluering av innkjøpsverksemda for heile UH-sektoren. Denne viser at store delar av UH-sektoren har utfordringar knytt til anskaffingar. Alle institusjonar har frist i februar 2012 på å gje tilbakemelding til KD på korleis institusjonen vil følgje opp evalueringa. Vi viser til eigen tilbakemelding til KD i denne saka.

Riksrevisjonen hadde i revisjonen av 2010 bemerkningar til at vi hadde etterslep på oppfølging av utgåtte rammeavtalar. Vi har ein plan som vi no følgjer for å ta inn dette etterslepet, og iløpet av våren 2012 skal vi vera à jour.

Forvaltning av bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet

Dei siste åra har Riksrevisjonen hatt spesielt fokus på å følgje opp forvaltninga av regelverket knytt til bidrags- og oppdragsfinansierte aktivitet (BOA). Dette har HSH hatt spesielt fokus på dei siste to åra. Styret vedtok i 2011 eit eige reglement for prosjekthandtering. Dette reglementet, og andre rutinar knytt til BOA, byrjar å bli godt etablert. Riksrevisjonen ga oss då også svært gode tilbakemeldingar på arbeidet vårt med BOA-verksemda i den løpande revisjonen av 2011.

Verksemdsmål 4.4

Universitet og høgskolar skal bidra til at nasjonale kunnskapsressursar blir forvalta heilskapleg og til at oppgåver og ansvar blir fordelt og løysast gjennom samarbeid.

Sist styreperiode var spørsmålet om samarbeid og/eller fusjon svært sentralt. I 2011 gjennomførte HSH på eige initiativ eit større utgreiingsarbeid knytt til "HSH inn i et 10-15 års perspektiv". Arbeidet var spesielt innretta på korleis *HSH best kan sikre at regionen har eit attraktivt høgare utdanningstilbod prega av effektiv ressursutnytting og høg fagleg kvalitet – sett i lys av framtidig struktur, samarbeid og arbeidsdeling på Vestlandet.*

I sak 44/11 Samarbeid med UH-institusjonar på Vestlandet vedtok styret 16.juni 2011 følgjande :

1. *For å kunne stetta regionens behov for kompetanse kan HSH ikkje stå åleine som sjølvstendig institusjon. Samarbeid og fusjonar med ein eller fleire andre UH-institusjonar på Vestlandet vil vera ei naturleg utvikling.*
2. *HSH tek initiativ ovafor UiS med tanke på ein samarbeidsavtale og bruk av departementet si tildeling på 1 million kroner til dei to institusjonane. Kontakt må etablerast i løpet av september 2011.*
3. *For å imøtekomme regionen si industrielle satsing må dette løysast i eit samarbeid innan Teknovest.*
4. *Arbeidet med ny strategisk plan for HSH bør igongsetjast hausten 2011.*
5. *Det vidare arbeidet må tuftast på denne saka og styresak 32/11⁹*

Dette vedtaket har vore styrande for arbeidet så langt for det nye styret og styreleiar/reaktor.

Styrevedtaket i juni 2011 har førebels leia fram til inngåing av ei samarbeidsavtale med UiS. Desse to institusjonane vart også tildelt 1 mill kr frå SAK-midlane til samarbeidstiltak. Tidleg i 2012 var

⁹ Sak 32/11 er ein del av bakgrunnsdokumentasjonen

fordeling av desse midlane på prosjekt/samarbeid innanfor ulike fagmiljø klar. Vi rapporterer på bruken i neste års rapport.

Styret har også vore igjennom ein prosess med revidering av strategiplanen, der nye verksemdsmål vart utvikla. Denne vart vedteken 26.januar 2012. For meir informasjon om prosessen kring utvikling av nye verksemdsmål, sjå vedlagte notat.

UH- nett Vest er HSH sitt utgangspunkt når det gjeld SAK-prosessar. Lærarutdanning og forskingssamarbeid har vore prioriterte område sidan starten av nettverket i 2008. Innan lærarutdanning har samarbeid om dei nye grunnskolelærarutdanningane vore det viktigaste tiltaket. Arbeidet har involvert mange fagtilsette og ein har samla faga i såkalla storseksjonar, med mål om å sikre robusthet og naudsynt kompetanse hjå alle institusjonar. Ein har i denne samanheng hatt med Norsk Lærarakademi. Det har også vore samarbeid om utvikling av mastergradsutdanningar.

Forskingssamarbeidet skaut ny fart i 2010 og har hatt god drift også i 2011. Ein eigen forskarskole i musikk, Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies, blei realisert hausten 2010. Dette har vore eit stort løft og ein suksess for nettverket. I forlenginga av dette vert det arbeidd godt og målretta med å skipa ein eigen forskarskole i helse- og sosialfag, knytt til arbeidet med Samhandlingsreforma. Dette arbeidet er sett i bero inntil vidare, då ein fyrst vil styrkja forskinga ved høgskolane. Av tildelte SAK-midlar til UH-nett Vest på 1 mill kr. har 400.000 kr vore tildelt forskarskolen i musikk og 670.000 kr til forskning innafor helse- og sosialfag. I 2011 har institusjonssamarbeidet innan UH-nett Vest resultert i fleire eksternt finansierte forskingsprosjekt.

I 2011 har det vore ei vidare positiv utvikling i biblioteksamarbeidet UH-nett Vest som resulterer i fleire gode innkjøpsavtalar. Det har vore satsa vidare på internasjonalisering og nettverket deltok på EAIE-konferansen i København hausten 2011, med suksess.

Forutan å vera eit eige nettverk fungerer UH-nett Vest og som ein paraply for samarbeid innan teknologi og musikk (TeknoVest og MusikknettVest). Desse nettverka involverer fleire institusjonar enn dei som inngår i UH-nett Vest. TeknoVest har og tilsatt eigen prosjektleiar i full stilling gjennom tildeling av eigne SAK- midlar.

UH-nett Vest vil framleis vera eit sentralt utdannings- og forskingspolitisk tiltak for HSH. Lærarutdanning og forskingssamarbeid har framleis høg prioritet. I mars vil ein arrangere forskarsymposium for fjerde gong. Dette har utvikla seg til å bli ein viktig plass for erfaringsutveksling og samarbeid om nye tiltak.

Helsefagmiljøet hatt eit konkret samarbeid med Høgskolen i Volda om masterutdanning i 'Meistring og myndiggjering' der dei fyrste masterkandidatane var ferdig i 2011.

For 2011 har ein gått vidare med arbeidet for utvikling og implementering av digitale samarbeidsverktøy i samarbeid med Uninett. Prosjektet var i første runde eit samarbeid om grunnskolelærarutdanningane, men er no utvida til å gjelde alt samarbeid i nettverket.

Frå sommaren 2011 har det også vore eit samarbeid mellom HSH, HiVe, HiÅ og UiT, kalla MARKOM2020. Til dette samarbeidet har ein blitt tildelt 13,6 mill kr som går til utdanning og

forsking under paraplyen av samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon. Dette er eit eige prosjekt der prosjektleinga er lagt til HiVe.

KD sin styringsparameter under verksemdsmål 4.4. er antall fellesgrader med andre norske utdanningsinstitusjonar. Vi har i 2011 ingen fellesgrader med andre.

Anna rapportering

Oppfølging etter etatstyringsmøte

Vi har mottatt tilbakemelding frå etatstyringsmøte 2011 der KD gir ein del styringssignal for vidare oppfølging og prioritering. HSH er einig i KD si vurdering av at våre hovedutfordringar er knytt til kompetanse og FOU. Dette er sentrale punkt i den reviderte strategiplanen, og også i ressursprioritering i 2011 og 2012. KD trekte også fram at vi burde tydeleggjere kva som ligg i rolla som kunnskapsaktør i regionen. Vi har eit svært godt og tett samarbeid med regionen, og den reviderte strategiplanen har spesielt fokus på samfunnskontakt og samfunnskontrakt. Sjå sektormål 3 i plan for 2012 for ei nærare omtale om dette.

KD bad oss også sjå på korleis FOU-programma bidreg til å utvikle og konsentrere FOU-innsatsen. I arbeidet med å revidere strategiplanen har vi revidert HSH sine faglige satsingsområde, og vi jobbar stadig med å tilpasse organiseringa av FOU-programma. Sjå omtale under sektormål 2 og 3 i både rapport 2011 og plan 2012.

Elles er det ein del konkrete område KD ber om oppfølging på, for eksempel merknader frå Riksrevisjonen, samarbeid med andre institusjonar, råd for samarbeid med arbeidslivet og arbeid for å auke eksternfinansierte prosjekt. Dette er omtala på ulike stader i rapport 2011.

Oppfølging av NOKUT sine evalueringar

I 2011 og 2012 har styret prioritert særskilte prosjektressursar til utvikling og implementering av nye rammeplanar innanfor barnehagelærerutdanninga, grunnskolelærerutdanningane og ingeniørutdanningane.

Prosjektet knytt til grunnskolelærerutdanninga er omfattande og inne i det tredje året. HSH hadde forsøksordning med grunnskolelærerutdanningane, og ligg derfor eitt år føre dei andre utdanningsinstitusjonane. KD har eigen oppfølging av GLU gjennom Følgegruppen for lærerutdanningsreformen.

På bakgrunn av ei NOKUT-evaluering av alle ingeniørutdanningane har KD utarbeida ny rammeplan med verknad frå hausten 2012. Dette er også ei omfattande omlegging som vi gå over fleire år. I 2011 og 2012 er hovudaktivitetane å etablere ny struktur for dei tre ingeniørprogramma vi har, utvikle emnebeskrivelsar med læringsutbyttebeskrivelsar, utvikle detaljert undervisningsopplegg for nye emner og gjennomføre første semester etter ny rammeplan. HSH deltek aktivt i Nasjonalt råd for teknologisk utdanning (NRT) som er sentrale i implementeringa av den nye rammeplanen.

På bakgrunn av ei NOKUT-evaluering av alle førskolelærerutdanningane har KD utarbeida ny rammeplan med verknad frå hausten 2013. Arbeidet med utvikling og implementering av ny barnehagelærerutdanning ved HSH, skal sikre progresjon, integrering av teori og praksis og gjennomgåande profesjonsretting og kvalitetsutvikling i et langsiktig perspektiv. I arbeidet med ny barnehagelærerutdanning, vil UH – nett Vest bli ein svært viktig samarbeidspartnar, både på studieleiarnivå og på fagnivå. I 2011 starta arbeidet i prosjektgruppa ved HSH med kvalitetsutvikling av praksis.

Rapportering om likestillingsarbeid

Rapportering om likestillingsarbeid er vedlagt rapport og planer (2011-2012) i vedlegg 2.

Kvalitet i grunnskolelærerutdanninga

Som følge av at grunnskolelærerutdanninga går opp ein finansieringskategori i KD sitt finansieringssystem får institusjonane tilført økte ressursar i 2011-2014. Auken er både knytt til basisfinansieringa og den resultatbaserte finansieringa. HSH har ein intern ressursfordelingsmodell der dei resultatbaserte inntektene tilfell det fagmiljøet/avdelinga som har generert inntekta i sin heilheit, mens basisfinansieringa blir fordelt etter ei rekkje kriterier.

Mykje av bakgrunnen for høgare finansieringskategori har vore knytt til praksiskostnadene. I tillegg til å finansiere noko av dette vil vi også sjå konkret på auke i undervisnings-/veiledningsressursar knytt til heile studiet.

Prosjektet for utvikling og implementering av den nye grunnskolelærerutdanninga har vore tildelt 1,2-1,5 millionar kroner per år frå styrets ved HSH sine strategiske midlar i 2010-2012 og er sett på som viktig for å sikre høg kvalitet i utdanninga.

Råd for samarbeid med arbeidslivet

KD vil spesielt ha tilbakemelding på kva strategi Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) har. Styret vedtok oppretting av Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) 1. desember 2011. Rådet vil ha sitt fyrste møte vinteren 2012, og vil då drøfte strategi. HSH sin reviderte strategiplan vektlegg samfunnskontakt og samfunnskontrakt, og HSH ynskjer at dette rådet skal ha ei sentral rolle i å gje innhald til dette arbeidet (sjå sektormål 3 i plan 2012 for ei nærare omtale).

Måloppnåing nye studieplassar i 2011

HSH fekk i statsbudsjettet for 2011 tildelt 10 studieplassar til sjukepleiestudiet, 10 studieplassar til vidareutdanning i eldreomsorg, og 5 frie studieplassar.

Dei spesifiserte studieplassane til sjukepleie medførte ei auke til utlysing av 200 studieplassar. Vi ga tilbod til 290, 222 takka ja, medan 201 vart registrert som studentar. Dette viser at vi fylte opp dei nye studieplassane.

Dei spesifiserte studieplassane til vidareutdanning i eldreomsorg vart gjort om til 20 deltidsklassar. Det vart gitt tilbod til 41, 34 takka ja og 30 vart registrert som studentar. Dette viser at vi meir enn fylte opp dei nye studieplassane.

Dei 5 nye frie studieplassane vart nytta til Praktisk Pedagogisk Utdanning (PPU) som vi manglar studieplassfinansiering for. Dette studiet har svært stor søkning og mange studentar. Hausten 2011 har vi 197 deltidsstudentar som tek dette tilbodet (fordelt på to kull).

HSH sitt aktivitetskrav i tildelingsbrevet for 2011 er knytt til 1.årsstudentar på sjukepleie (60 studiepoengseiningar) og 60 studiepoengseiningar på AIO (videreutdanning akutt, intensiv, operasjon).

I 2011 var det følgjande aktivitetskrav og produksjon:

Tabell 26 Aktivitetskrav 2011 med produksjon

60-studiepoengseiningar	Aktivitetskrav	Faktisk produksjon
Sjukepleie 1.studieår	163	170,4
Vidareutdanning akutt, intensiv, operasjon	10	14,5

Dette viser at vi har ein produksjon som ligg over aktivitetskravet.

Når det gjeld vidareutdanning i Akutt Intensiv Operasjon (AIO) har vi lenge sett behov for å utvikle dette studiet, og samordne dette ressursmessig med andre institusjoner. HSH har derfor i samarbeid med UIS utarbeida eit studieprogram for masterutdanning i AIO. Målet er å tilby dette studiet som ein Joint Degree/samarbeidsgrad med Universitetet i Stavanger.

Samarbeidet føreset både godkjente planar og felles oppstart. UIS som tok opp nytt kull etter gammal plan i januar i år, vil ikkje vera klar til nytt opptak før hausten 2013. HSH har studentar som vil fullføre ordinær utdanning juni 2012. For å få samkjørt studia vil oppstart for nye studentar ved HSH utsettast frå haust 2012 til haust 2013. Samarbeidspartane er gjort kjent med dette, og løysingar er avtala mot UIS no i overgangsfasa. I forhold til aktivitetskravet vil dette medføre lågare produksjon i overgangsfasa.

Studentkapasitet hausten 2012 og 2013

Viser til elektronisk innmelding til DBH og vedlagt oversikt over studentkapasitet haust 2012 og 2013.

Høgskolen Stord/Haugesund er regional utdanningsinstitusjon for ein region i vekst og med eit stort kunnskaps- og kompetansebehov. Behovet er knytta til både bachelor- og masterutdanning. Dette blir uttrykt både i offentleg og privat sektor. For på best mogleg måte å dekke regionen sitt behov for kompetanse, må Høgskolen Stord/Haugesund nytte dei tildelte studieplassane strategisk. Det er likevel eit såpass veksande behov for kompetanseutvikling at HSH har behov for eit auka antal studieplassar. Dette for å kunne gi føreseielegheit i regionen.

Slik vi har framheva i innspel til budsjett 2013 har HSH lagt til grunn i si utvikling av studieportefølje å utvikle eigne masterprogram eller ha samarbeidsmaster med andre UH-institusjonar innanfor dei tre fagavdelingane vi har. Pr. i dag har vi to eigne mastertilbod og to samarbeidsmastertilbod. Vi har god søkning til mastertilboda og gjennomføringsgraden er god. Mastertilbod som byggjer på grunnskolelærer er framtidens lærar og vi ser det som særskilt viktig å kunne tilby dette. Vi har ein mastersøknad hjå NOKUT som det er signal om snart blir godkjent. Med studieplassar kan vi sette denne i gang 2013.

For å møte regionen sitt behov for kompetanseutvikling knytt til innføring av samhandlingsreforma er det behov både for vidareutdanningar og mastertilbod. Vi ynskjer å gi tilbod om vekslande vidareutdanningar innanfor områder regionen gir uttrykk for at det er stort behov (folkehelse, rehabilitering, akutt sjukepleie).

Regionen sitt næringsliv er sterkt knytta til det petromaritime og kompetanse innanfor ingeniør- og nautikkutdanningane er særskilt etterspurd. Bedriftene har eit særskilt behov for å auke

formalkompetanse på eigne tilsette knytt til ingeniør- og nautikk både i Y-veg og knytt til overgang fagskole-bachelor- master-utdanningar. Dette er ikkje studentar som søker gjennom Samordna opptak, og dei vil derfor ikkje vera å finne i det ordinære søkjargrunnlaget. Ved å tildele studieplassar etter prinsippet om ventelister, vil ein ikkje fange opp dette behovet. Lokalt næringsliv ynskjer å bidra med midlar til oppstart, spesielt innanfor ingeniørfag. Per i dag dekkjer HSH opp alle studieplassane med 60-studiepoengseiningar med tilsvarande heiltidsekvivalentar.

Skal vi kunne inngå ei reell samfunnskontrakt med vårt arbeids- og næringsliv, må vi kunne ha ei større studieportefølje og fleire studieplassar. Vi må samarbeide med næringslivet og samarbeidspartane våre om kva tilbod som kan "skreddarsast" det behovet for kompetanse som finns lokalt. For å få dette til er vi også avhengig av og klar til samarbeid med lokale forskningsmiljø, samt forplikande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren.

Rapportering av midlar tildelt over budsjettkapittel 281

I 2011 har HSH fått tildelt midlar til følgjande prosjekt over kap.281 frå KD :

Markom – fellesprosjekt med HiVe, UiT, HiAa knytt til maritim utdanning

Dei utdanningsinstitusjonane som har nautiske bachelor-studier har i 2011 fått tildelt 16,4 mill kr i prosjektmidlar basert på MARUT-rapporten frå november 2009. Dette er tildelt Høgskolen i Vestfold, og det er dei som har rapporteringsansvar. I 2011 er 3,4 mill kr vidareformidla til Høgskolen Stord/Haugesund, og er svært viktige for utviklinga av det nautiske studiet :

Konsentrasjon av utdanningstilbud

Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) har i løpet av 2011 bidratt til å vidareutvikle Vestlandsmodellen, som no inkluderer fagskolane i Haugesund, Bergen og Ålesund, samt Høgskolen i Ålesund (HiÅ). Gjennom tettare samarbeid, og felles prosjekt arbeider vi med å etablere regionale utdanningscenter rundt høgskolane i Haugesund og Ålesund. Konkret hadde alle desse tre fagskolane ein felles Stø kurs søknad i 2011, som var knytt opp til MARKOM-prosjekta til HSH og HiÅ.

Differensiert utdanningsløp

Det vart i 2011 etablert Y-veg til nautikkutdanninga. I løpet av året vart det også arbeida opp mot fagskolane i Haugesund og Ålesund for å få til betre overgangsordningar. Begge fagskolane hever nivået på realfag. I tillegg har vi hatt eit felles prosjekt rundt eit skoletokt, som kan vidareutviklast til eit felles leiarfag.

Rekruttering

Gjennom rekrutteringsprosjektet M300 har søkinga til det nautiske studiet ved HSH vorte tredobla i 2011. Prosjektet blir no vidareutvikla, samtidig som vi har starta erfaringsoverføring til andre maritime utdanningsinstitusjonar.

Kvalitetsutvikling, samarbeid og arbeidsdeling

Gjennom utvikling av eit maritimt tredje studieår har vi utvikla ein profil innan maritime operasjonar, med to fordjupingar: Ein innan offshoreteknologi, og ein innan maritim leiing. Dette blir forsterka gjennom eit samarbeidsprosjekt med HiÅ om å etablere ein ny mastergrad innan leiing av Maritime operasjonar.

Eit skoletokt er sentralt i utvikling av profilen innan maritim leiing. Samtidig er det ein måte å rette opp den største svakheita i maritim høgskoleutdanning: mangel på integrert praksis. Det er også eit

viktig SAK-prosjekt: På toktet i januar 2012 deltok fire skolar. I tillegg til HSH deltok fagskolane i Haugesund, Bergen og Lofoten.

Kompetanseutvikling og forskingsbasert utdanning

Det blir arbeida med kompetanseutvikling på tre nivå: frå bachelor til master, fra master til fyrste-kompetanse, og professorkvalifisering. Dette arbeidet har allereie påverka innhaldet i studieprogrammet for bachelorgraden. Samtidig er dette arbeidet ein føresetnad for å vera i stand til å realisere mastergraden.

Infrastruktur

Gjennom etablering av Norges største simulatorsenter i Haugesund 2011 (samlokalisering av HSH sitt simulatorsenter og SIMSEA AS), har vi no teknologi som gir store moglegheiter innan både undervisning og forskning.

Veilederutdanning for nyutdanna lærarar

Høgskolen Stord/Haugesund starta hausten 2011 opp studie veilederutdanning 15 sp (modul 1) med 15 aktive studentar. Registrering februar 2012 viser at 12 studentar har meldt seg opp til eksamen vår 2012.

Påbygging (modul 2) 15 sp vil starte opp første gang hausten 2012.

Parallelt i tid og stad gjennomførast studie "veilederutdanning for praksislærarar". 24 studentar er aktive og har meldt seg opp til eksamen vår 2012.

Ressursbruken i utdanninga er i tråd med budsjettet.

Prosjekt grunnskolelærerutdanning 1-7 med vekt på kreative og estetiske læreprosesser

Utvikling av ei mogleg ny GLU-estetisk utdanning i samarbeid med HiNe og HiT er planlagt som eit eige utviklingsprosjekt der alle tre høgskolane bidreg med omtrent like mykje. Det har vore eit møte på dekannivå der skisse til framdrift i prosjektet vart laga. Neste fase er møte mellom studieleiarar og faglege representantar. Til hausten vil vi arrangere eit fagleg seminar der representantar for mange ulike fag ved dei tre høgskolane møtes.

Rapportering om SAK

Dette er rapportert under verksemdsmål 4.4.

Rapportering på saker frå Sivilombudsmannen og Riksrevisjonen

I samband med Dokument 1 til Stortinget innrapporterte Riksrevisjonen vesentlege merknader til HSH sin økonomiforvaltning i 2010. Dette tek styret svært alvorleg.

Hovudsaka som vart tatt opp i Dokument 1 var knytt til ulike sider ved Haugesund Simulatorcenter AS/Simsea AS. Dette er tilhøve som bevisstgjer organisasjonen om oppfølging av regelverk og etiske retningslinjer.

KD peikar generelt for alle UH-institusjonane på handteringa av sidegjere mål og roller i offentlege og private verksemdar. Styret i HSH vedtek etiske retningslinjer og reglement for sidegjere mål på styremøtet 1. mars 2012. Dette vil også vidare bli følgd spesielt opp i organisasjonen i 2012.

I Dokument 1 vart det også gitt merknadar til manglande intern kontroll. Både i 2010 og 2011 har det vore jobba systematisk med forbetring av dei tilhøva som var knytt til Riksrevisjonen sine merknader. Ved utgangen av 2011 bekreftar Riksrevisjonen at vi ikkje har opne saker/uoppgjorte saker som er knytt til 2010-revisjonen. Likevel vil styret ha spesielt fokus mot dette også i 2012, men då med eit litt breiare perspektiv – intern kontroll generelt for heile institusjonen.

KD ber om rapportering på antal saker ved inngangen til året, iløpet av året og utgangen av året. Vår stedlige revisor seier at dei ikkje har system for å kvantifisere i 'saker'. Det viktigaste er at Riksrevisjonen har bekrefta at vi ikkje har saker frå 2010-revisjonen med inn i 2012.

Vi har ikkje hatt saker med Sivilombudsmannen.

Større investeringsprosjekt

HSH har ingen investeringsprosjekt under arbeid eller under planlegging av typen kurantprosjekt over 50 mill kr eller av typen KS 1 over 500 mill kr.

Infrastrukturen vår på byggsida er hardt pressa på begge studiestadene. Vi treng truleg utviding i Haugesund, det vil vi koma attende til ved seinare høve. På Stord sit vi på ein flott gamal kampus som krev opprusting og vedlikehald. Vi ser ikkje for oss nybygging, men vi må oppgradera og få meir ut av dei bygningane vi har. Riksantikvaren arbeider no med forskrift til både verning og freding av store deler av denne bygningsmassen. Det er vi ikkje i mot, men det krev ekstra kostnader med god tilrettelegging når ein også skal ta slike omsyn. Vi er difor nøgd med at vi vart tilført 5 mill kr til den gamle gymnastikksalen gjennom "krisepakken" i 2009. Prosjektet har vore ute på tilbod, og viktige deler av prosjektet er gjennomført. Men det krevs ytterlegare 10 mill kr til å ferdigstilla dette totalprosjektet, og det søker vi om for 2013. Neste prosjekt vil vera den gamle statsøvingsskolen, der me nok treng ei tilsvarande løyving for ei god gjennomføring.

Rapportering om reduksjon av midlertidig tilsetningar

Vi viser til omtale av dette under verksemdsmål 4.2, der det kjem fram at HSH dei tre siste åra har hatt ein nedgang i midlertidig tilsette og har ein lågare del med midlertidige stillingar enn gjennomsnittet for sektoren.

Rapportering om etiske retningslinjer

I styresak 48/11 vedtok styret etiske retningslinjer for HSH. Desse er generelle og gjeld slik sett heile verksemda. Retningslinjer for sidegjeremål vart vedteke av styret på møtet 1.mars 2012. Som del av personalpolitisk plan vil Arbeidsmiljøutvalet initiere ei oppfølging av desse retningslinjene i organisasjonen i 2012.

På nettsidene våre er dei etiske retningslinjene under 'Sentrale dokument' og 'Arbeidskvardagen'.

Forvaltning av fullmakter

HSH har eigarskap i fleire regionale aksjeselskap, der vi stiller som føresetnad at vi får ein styreplass. Vårt bidrag er ikkje finansielt, men kompetansemessig grunngjeve, og i tillegg skal det bidra til å styrke vår regionale rolle og utvikle det regionale samarbeidet. Dette vart handsama særskilt av styret i sak 79/11.

ResQ AS skipa høgskolen i si tid ved å skilja ut sikkerheitsavdelinga. Vi har gjennom dette god kontakt med og påverknad på sikkerheitsarbeidet, spesielt offshore, der selskapet er blant dei store aktørane. Studentane nyttar også anlegget til øving og prosjekt. Vår eigardel er om lag 0,3 %.

Vår industriretting i Sunnhordland er via Atheno AS. Selskapet er i all hovudsak eigd av industrien, men også kommunar og SIVA er inne på eigarsida. Selskapet driv inkubator, innovasjon og nyskaping innan industrifeltet. "Ungt entrepenørskap" og "Kvinnovasjon" er også lagt til dette selskapet. Vår eigardel er vel 2 %.

Haugaland kunnskapspark AS er meir generelt retta mot næringslivet og var eigd av industri og offentleg sektor i Rogaland. Vår eigardel var omlag 1 %. I ekstraordinær generalsforsamling hausten 2011 tilrådde eigarane å selja aksjane i selskapet til forskingsstiftinga Polytec. Styret vedtok 26.1. (sak 6/12) at HSH sel sine aksjar til Polytec.

Fanari AS er ein kunnskapspark retta mot kulturlivet i Sunnhordland. Her er vi med for å skapa ei innovasjons- og nyskappingsverksemd for kultur i vid forstand. Det er særleg aktiviteten vår innafor lærarutdanning som er aktuell i denne samanheng. Vår eigardel er 13,8 %.

I 2010 gjekk HSH inn i det nyetablerte Simsea as. Selskapet flytta inn i nye lokale hausten 2011 og investerte seg kraftig opp til eit topp moderne simulatorsenter, særskilt innretta mot offshoreflåten. Vi har fagleg interesse i selskapet ved å delta i utviklinga av kompetansenivået i regionen innan maritim verksemd, og ved at studentane har delar av si simulatortrening ved Simsea AS. Saman med vårt eige simulatorsenter vil Simsea AS også vera ein god arena for FOU-arbeidet vårt innafor det maritime området.

Sikkerhet og beredskap

Vi har i 2011 hatt ei revidering av eksisterande beredskapsplan basert på risiko- og sårbarhetsanalyse. Det er spesielt ulike former for internasjonalisering og ekskursjonar/turar som krev fokus i beredskapsplanen.

Frå sentralt har det i 2011 blitt sett spesielt fokus på beredskapsplanar. I 2012 vil vi spesielt følgje opp dette.

Felles føringar for alle statlege verksemder

Inkluderande arbeidsliv

Det vart sommaren 2011 inngått ny samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv mellom HSH, hovudtillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter i Hordaland. Opplæring og revisjon av rutine for oppfølging av sjukemelde var viktige aktivitetsmål hausten 2011. Det vart mellom anna gjennomført to interne IA-kurs for leiarar, tillitsvalde og verneombod i samarbeid med NAV sine arbeidslivssenter i Hordaland og Rogaland. Sjukefråværet ved HSH var i 2011 noko høgare enn tidlegare år, men var truleg lågare enn landsgjennomsnittet for undervisningssektoren i Noreg (statistikk for sjukefråvær i 4. kvartal 2011 føreligg ikkje frå NAV/SSB på rapporteringstidspunktet). Det er sannsynleg at delmål for sjukefråvær i tidlegare samarbeidsavtale vart nådd. Vi avventar statistikk frå NAV for fråvær i 4. kvartal 2011 for undervisningssektoren.

Brakarundersøkingar

I HSH sitt kvalitetssikringssystem er brukarundersøkingar sentralt. Brukaren er studenten og arbeidslivet som mottok ferdig utdanna kandidatar.

I fleire år har vi gjennomført 'Tilfredshetsundersøkelse' blant alle studentar. Resultat frå undersøkinga er omtala under sektormål 1. Heile undersøkinga blir ikkje offentleggjort, berre konklusjonar. Undersøkinga blir systematisk nytta internt i arbeidet med å forbetre den totale studiekvaliteten. Dei enkelte studia har også evalueringar/undersøkingar av emner eller heile studiet. Desse blir gjort kjent for studentane, men ikkje fullt offentleggjorte.

I høve til arbeidslivet som mottok ferdig utdanna kandidatar og dei ferdig utdanna kandidatane blir det med nokre års mellomrom utført relevansundersøkingar. Dette er også undersøkingar som ikkje fullt ut blir offentleggjorte, men der konklusjonar blir offentleggjort. I 2011 er det gjort ei undersøking innan økonomi- og administrasjonsstudiet.

Lærlingar i staten

IKT Servicefag er for tida det mest aktuelle lærefaget ved HSH. Høgskolen hadde ein lærling i dette lærefaget gjennom heile 2011. Kontorfag er eit anna aktuelt lærefag. Etter ei samla vurdering vart det ikkje teke inn lærlingar i andre lærefag enn IKT i 2011. Det vil bli gjort ei ny vurdering i 2012.

Statistikk for antal arbeidsplassar

I DBH har HSH rapportert 273 tilsatte i 2011. Samla for den faglege og administrative aktiviteten er desse arbeidsplassane nokså likt fordelt mellom studiestadene Stord (Hordaland) og Haugesund (Rogaland). Det har ikkje vore nokon spesiell endring i dette dei siste åra, og vi har heller ingen planar dei næraste åra for store omleggingar av aktiviteten.

Tilgjengeleggjering av offentlege data

I rapporteringskrava heiter det mellom anna: 'Virksomheten skal gjøre egnede og eksisterende rådata tilgjengelige i maskinbare formater. Dette gjelder informasjon som har samfunnsmessig verdi, som kan viderebrukes, som ikke er taushetsbelagte og der kostnadene ved tilgjengeliggjøring er beskjedne.' Viser til rapportering under sektormål 3. I 2011 har HSH ikkje vurdert utlegging av data på data.norge.no.

Plan 2012

Sektormål 1

Universiteter og høyskoler skal gi utdanning av høy internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Virksomhetsmål 1.1

Et tidsriktig utdanningstilbud med høy kvalitet som viser og forsterker høyskolens egenart og gir mulighet for livslang læring

HSH vil i den neste fireårsperioden videreutvikle studiene slik at de gjennom sin *bredde* tilfredsstiller samfunnets behov, gjennom sin *spissing* gir bærekraft og grunnlag for forsknings- og utviklingsbasert undervisning og gjennom sitt *innhold* gir godt læringsutbytte og attraktive kandidater.

HSH er fundamentert på og rundt profesjonsutdanninger med varierte tilbud om grunn-, master- og videreutdanninger som springer ut fra fagmiljøene. De overordnede faglige satsingsområdene ved HSH er gitt i revidert strategisk plan (2012-2016):

- Undervisning, formidling, forskning og utvikling innen våre ulike lærerutdanninger skal legge særlig vekt på utvikling av faglig, kreativ og innovativ kompetanse i skole og barnehage. Analyse av og refleksjon over bruk av teknologi som del av undervisning og opplæring er et viktig fokusområde.
- Undervisning, formidling, forskning og utvikling innen helsefag skal særlig vektlegge omsorgsvitenskap med fokus på folkehelsearbeid, samhandling og personsentrert omsorg til pasienter i langtidsforløp.
- Undervisning, formidling, forskning og utvikling, og regionalt utviklingsarbeid innen de tekniske, økonomiske og maritime fagområdene skal ha spesiell relevans for den petromaritime næringsklyngen i regionen. Vi skal ha særskilt fokus på teknisk sikkerhet, økonomisk og organisatorisk usikkerhetshåndtering og komplekse maritime operasjoner.

Utdanningene HSH tilbyr er viktige for den videre utviklingen av velferdssamfunnet. Resultatene av nasjonale prosesser og utredninger legger sterke føringer for våre utdanninger. Høgskolen legger derfor vekt på å tilpasse våre utdanninger i tråd med regionen sitt utdanningsbehov i lys av for eksempel stortingsmeldingen om utdanning for velferd, samhandlingsreformen, MARKOM2020¹⁰, Prosjekt grunnskolelærerutdanning 1-7 med vekt på kreative og estetiske læreprosesser og ny rammeplan for ingeniørutdanning og barnehagelærerutdanning.

Som regional høgskole legger HSH vekt på å være tett på kommuner, fylkeskommuner og både offentlig og privat arbeids- og næringsliv, når høgskolen velger hvilke utdanninger, og retninger for

¹⁰ MARKOM2020 er et samarbeidsprosjekt innen maritim profesjonsutdanning og er finansiert av regjeringen som del av "Stø kurs-satsningen".

disse, vi skal satse på fremover. Hvordan HSH har arbeidet på dette området i 2011 og vil arbeide på dette området i 2012 er nærmere omtalt under sektormål 3 i henholdsvis rapport 2011 og plan 2012.

HSH skal i løpet av 2012 utarbeide oppdaterte utdanningsstrategier for de tre fagavdelingene der omfang og innretning på utdanningstilbudet skal fremgå. Dette innebærer en konkretisering både av hvilke fagområder HSH skal tilby studier innenfor og hvordan utdanningene skal tilbys. HSH har per i dag både tradisjonell undervisningsorganisering, samlingsbasert undervisning, nettbasert undervisning og desentraliserte undervisningsopplegg. I tillegg har HSH både heltids- og deltidsutdanninger. I utdanningsstrategiene vil det bli gjort vurderinger av hvordan de ulike studietilbudene skal organiseres.

Utviklingstrekk og behov nasjonalt og regionalt er en viktig del av grunnlaget for utvikling av utdanningsstrategier. I tillegg til dette er det imidlertid også nødvendig å vurdere hvordan undervisningen skal organiseres og hvilken finansiering som kan forventes i lys av rekrutteringspotensial for de ulike utdanningene i fremtiden.

Tiltak

Oppdatert utdanningsstrategi for HSHs tre fagavdelinger

- Avdeling for lærerutdanning og kulturfag
- Avdeling for tekniske, økonomisk og maritime fag
- Avdeling for helsefag

Styringsparameter

Antall heltidsekvalenter på de tre fagavdelingene

Omfang av etter- og videreutdanningstilbud:

- Egenfinansierte
- Bidrags- og oppdragsfinansierte

Antall uteksaminerte kandidater på HSHs profesjonsutdanninger

Kvalitativt styringsparameter:

Fleksibel utdanning

Kvalitativt styringsparameter:

Vurdering av studieporteføljen i tråd med virksomhetsmål

Virksomhetsmål 1.2

Et læringsmiljø med høy kvalitet og internasjonal kontakt

At HSH i nasjonal og internasjonal målestokk er en liten høgskole, gir både muligheter og utfordringer for vårt læringsmiljø. Høgskolen legger vekt på å være tett på studentene og samarbeidspartnere for

å skape et læringsmiljø med høy kvalitet. Dette innebærer blant annet at vi også i 2012 gjennomfører læringsmiljøkonferanse i samarbeid med studentsamskipnaden, der både studenter, ansatte og ledelse deltar, har systematisk kontakt med praksisfeltet og følger opp kvaliteten i undervisningen gjennom referansegrupper, emneevaluering, tilfredshetsundersøkelser, læringsmiljøutvalg, studiekvalitetsutvalg og jevnlig møter i studentdemokratiet. Læringsmiljøkonferansen 2012 påpekte spesielt forventningsavklaring som et forbedringspotensial og hadde et særskilt fokus på studentenes psykiske helse, inntakskvalitet og læringscenter som faktorer for godt læringsmiljø. Som en følge av dette er det blitt satt tre mål for arbeidet med læringsmiljø i 2012:

1. Sosial tilhørighet
2. God og tilgjengelig informasjon
3. Faglig tilhørighet

For å ha en systematisk og helhetlig tilnærming til å sikre et læringsmiljø med høy kvalitet er en kritisk suksessfaktor et oppdatert og hensiktsmessig kvalitetssikringssystem. Som vi har omtalt under sektormål 1 i rapport 2011, har HSH satt i gang et arbeid med å forbedre kvalitetssikringssystemet. Arbeidet er av helhetlig karakter og omtales også under sektormål 4. Dette blir et viktig tiltak i 2012, som også strekker seg inn i 2013. Arbeidet med å forbedre kvalitetssikringssystemet vil også omfatte problemstillinger knyttet til måling av studiekvalitet, som for eksempel spørsmålet om studentene oppnår ønsket læringsutbytte av utdanningene.

Forpliktende samarbeid i forbindelse med utdanningene er nødvendig for å kunne kombinere bredde i tilbud med et læringsmiljø med god kvalitet. For omtale av det helhetlige arbeidet knyttet til institusjonssamarbeid, se sektormål 4. I forbindelse med utdanning vil vi her trekke frem arbeidet med kampusbasert e-læring og arbeid for å opprette fellesgrader.

I løpet av 2011 har oppmerksomheten vært rettet mot de nødvendige tekniske løsningene for å kunne gjennomføre e-støttet undervisning og læring som forutsetter studentenes tilknytning til kampus med mulighet for nær kontakt med medstudenter, fagmiljø, bibliotek, grupperom og praksisfelt, det vi har valgt å kalle *kampusbasert e-læring*. I løpet av 2012 vil tiltakene være rettet mot å gi de fagansatte opplæring, både teknisk og pedagogisk, og starte opp og gjennomføre de første emnene basert på kampusbasert e-læring.

HSH samarbeider med andre utdanningsinstitusjoner for å tilby både grunn-, master- og etter- og videreutdanninger som sikrer bredde i tilbudene lokalt. HSH fortsetter også samarbeidet i forskerskoler som blant annet er viktige bidrag til å øke gjennomstrømmingen av stipendiater. I 2012 vil det imidlertid også bli gjort tiltak for å forsøke å tilby samarbeidsmaster i to ulike retninger innenfor helsefag med henholdsvis Høgskolen i Volda og Universitetet i Stavanger.

De ulike studiene ved HSH har, i tråd med rapport 2011, ulike forutsetninger for å drive internasjonalisering i form av tradisjonell inn- og utveksling av studenter. Av denne grunn legger HSH i økende grad vekt på å sørge for internasjonal studentkontakt også på andre måter. Eksempel på andre former for internasjonalisering er koordinering av og deltagelse i Erasmus intensivprogram, internasjonale ekskursjoner som gir kunnskap om praksisfeltet, internasjonalisering hjemme og at internasjonale studenter gjennomfører hele studieløp ved HSH. I tillegg blir det gjennom avtaler

gjennomført tiltak for å sikre god informasjon og tilrettelegging både for at HSH-studenter skal kunne reise ut og for at utenlandske studenter skal kunne gjennomføre et semester ved HSH.

Tiltak
Gjennomgang av kvalitetssikringssystemet ved HSH
Gjennomføring av pilotemner med Kampusbasert e-læring med tilhørende kompetanseutvikling

Styringsparameter
Opplevd kvalitet på studiet
Nivå på ulike internasjonale tiltak, blant annet inn- og utvekslingsstudenter
Kvalitativ vurdering: Bruk av resultater fra studentevalueringer
Kvalitativ vurdering: Hvordan studentene lykkes med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogrammene

Virksomhetsmål 1.3

Kandidater som er attraktive for det moderne arbeidsmarkedet og kvalifiserer for studier på høyere grads nivå

HSHs studier er, som omtalt under virksomhetsmål 1.3, viktige for videreutviklingen av velferdssamfunnet. For å sikre at kandidatene fra HSH er attraktive i et moderne arbeidsmarked, er det viktig at læringsmiljøet er moderne. Dette innebærer at metodene som benyttes i forbindelse med undervisningen må være oppdaterte og at studiene må være knyttet til moderne problemstillinger i praksisfeltene. Under sektormål 2 omtales HSHs tiltak innenfor forsknings- og utviklingsbasert undervisning, som er viktige tiltak på dette området.

Det er viktig at uteksaminerte kandidater kan håndtere moderne teknologi innenfor sitt utdanningsfelt. Studentene ved HSH skal derfor møte oppdatert utstyr i utdanningene sine. Dette legger føringer for investeringsbehov ved HSH og har blant annet gjort det nødvendig med investeringer knyttet til blant annet simuleringsdukker innenfor helsefag, smartboards for lærerutdanningene og simulatorutstyr for nautikk. I lys av utdanningsstrategiene vil det være nødvendig å gjennomføre en behovsanalyse for utstyr.

For at HSH skal utdanne kandidater som er attraktive for det moderne arbeidsmarkedet må vi legge til rette for høy gjennomstrømming og gode resultater. Dette innebærer at vi må tilrettelegge for at studentene skal kunne gjennomføre studiene på en god måte, men også at vi må motivere studentene til å legge ned nok arbeid i studiene. Et viktig tiltak i 2012 er etablering av et læringscenter som blant annet skal gi tilbud til studentene innenfor akademisk skriving. Dette skal

bidra til økt gjennomstrømming, men ikke minst skal det bidra til bedre resultater blant studentene for å sikre at de kvalifiserer på studier på høyere grads nivå. I tillegg fortsetter HSH å ha høy fokus på førsteårsstudenten.

Tiltak

Aktiviteter for utvikling av læringscenter

Styringsparameter

Gjennomføring på normert tid

Andel uteksaminerte kandidater tatt opp på doktorgradsprogram seks år tidligere

Frafall første år

Studiepoengproduksjon per heltidsekvivalent

Resultatet av gjennomførte relevansundersøkelser i 2012

Kvalitativ styringsparameter:

Vurdering av hvordan våre kandidater kvalifiserer for studier på høyere grads nivå

Virksomhetsmål 1.4

Være et naturlig førstevalg for søkere fra regionen og et reelt alternativ for søkere utenfor regionen

Et høyt nok antall kvalifiserte søkere er helt nødvendig for å kunne tilby utdanninger med god kvalitet og, i neste omgang, kandidater som er attraktive for det moderne arbeidsmarkedet. Rekrutteringsutfordringen er, som vist i rapport 2011, svært forskjellig på tvers av de ulike utdanningene ved HSH. Dermed er også behovet for tiltak i 2012 forskjellig.

På kort sikt blir det gjort tiltak innenfor markedsføring for å øke rekrutteringen til HSH. For eksempel blir det satsset på bruk av studentambassadører i markedsføringsarbeidet våren 2012. Videre samarbeider vi med ulike aktører i regionen for å motivere for høyere utdanning. Det arbeides også aktivt for å synliggjøre høgskolens aktivitet i ulike kanaler og for å øke rekrutteringen til bachelorstudiene gjennom spesiell tilrettelegging i samarbeid med arbeids- og næringsliv (se også sektormål 3 for en nærmere omtale på dette området).

På lengre sikt blir det gjort analyser om markedsandelene for HSH på de ulike områdene, som vil være et viktig grunnlag for avdelingenes utdanningsstrategier.

Tiltak

Markedsandelanalyser

Styringsparameter**Antall kvalifiserte førstevalgssøkere****Andel førstevalgssøkere i og utenfra regionen på utvalgte utdanning****Andel møtt**

Sektormål 2

Universiteter og høyskoler skal i tråd med sin egenart utføre forskning, kunstnerisk- og faglig utviklingsarbeid av høy internasjonal kvalitet.

Virksomhetsmål 2.1

Finansiell frihet til å ha et høyt nivå på forskning og utvikling

For å kunne drive forskning, kunstnerisk- og faglig utviklingsarbeid av høy internasjonal kvalitet er det viktig

- Å frigjøre midler fra KD-bevilgningen til FoU og kompetanseutvikling
- Å utnytte potensialet innenfor eksternfinansiering av FoU

I rapport 2011 er arbeidet med frigjøring av ressurser fra KD-tildelingen til FoU og kompetanseutvikling omtalt (se sektormål 4 i rapport 2011). Rapport 2011 viser videre at HSH er prosjekteier eller samarbeidspartner i en rekke søknader til NFR, EU og andre finansieringskilder som vi avventer svar på ved inngangen til 2012.

Dette innebærer at det er knyttet stor usikkerhet til nivået på eksternfinansiert forskning og utvikling, noe høyskolen på kort sikt har tatt høyde for gjennom budsjettmessige disponeringer i 2012. I tillegg til å holde igjen ressurser sentralt som fordeles når søknadene er avklart, prioriterer fagavdelingene tid til søknadsskriving.

For å redusere risikoen på lengre sikt blir det i 2012 lagt vekt på å kartlegge mulige eksterne finansieringskilder både innenfor de enkelte fagavdelingene og for høyskolen generelt. Eksempler på (nye) områder der det i 2012 er planlagt å sende inn større søknader om bidrag til FoU er innenfor strategiske høyskoleprosjekt der noen midler nå er øremerket helsefag og søknad innenfor EUs 7ende rammeprogram (omtalt i rapport 2011).

Videre legges det stor vekt på videreføringen av arbeidet med nettverk regionalt, nasjonalt og internasjonalt omtalt i rapport 2011 både for å fange opp mulige finansieringskilder og for å være konkurransedyktige når vi søker finansiering. For regionale samarbeid vises det til sektormål 4. For å stimulere til internasjonal nettverksbygging, legges det vekt på internasjonal nettverksbygging i tildelingen av små driftsmidler i 2012.

Tiltak

Identifisering av mulige finansieringskilder innenfor FoU og gjennomføring av tiltak for økt finansiering fra utvalgte finansieringskilder

Tildeling av FoU-midler i tråd med fastsatte kriterier og innenfor de faglige satsningsområdene ved HSH

Styringsparameter

Midler til FoU/kompetanseutvikling finansiert av

- KD-bevilgning
- NFR
- EU
- Andre eksterne finansieringskilder

Kvalitativ styringsparameter: Deltagelse i internasjonale nettverk

Søknader til eksterne finansieringskilder:

- Antall søknader og søknadssum
- Innvilgelsesrate

Virksomhetsmål 2.2

En tydelig og tidsriktig profil innenfor forskning og utvikling, tilpasset HSHs faglige satsningsområder

Styret ved HSH vedtar revidert strategisk plan (2012-2016) i januar 2012. Som en oppfølging av dette vil behovet for en revisjon av institusjonens FoU-strategi og en gjennomgang av programstrukturen og programorganiseringen ved fagavdelingene bli vurdert. I forlengelsen av dette vil det være fokus på rekruttering av professor II-stillinger på utvalgte områder.

Rapport 2011 viser at HSH ikke ennå har fått den økningen i publiseringspoeng som vi forventet i avslutningsfasen av NFR-prosjektene. På avdelingsnivå gjennomføres det i 2012 flere tiltak for å stimulere til at forskningsresultatene omsettes til publiseringpoeng. Eksempler på tiltak er gjennomføring av skrive-seminar og oppretting av skrivepar, der forskerne blir koblet sammen for å dele kompetanse og drive skriveprosessen fremover.

Tiltak

Gjennomgang av organisering av og struktur på FoU-programmene

Rekruttere professor II-stillinger på utvalgte områder innenfor HSHs faglige satsingsområder

Styringsparameter

Publiseringspoeng

Kvalitativ vurdering: Resultatoppnåelse forskning tilpasset HSHs egenart

Kvalitativ vurdering: Andel FoU-tildelinger som er innenfor fagavdelingenes programområder

Virksomhetsmål 2.3

Undervisning basert på forskning og utvikling

